



DET KONGELEGE
UTANRIKSDEPARTEMENT

St.meld. nr. 29

(1999-2000)

**Om Noregs deltaking i den 54. ordinære
generalforsamlinga i Dei sameinte
nasjonane (FN) og vidareførte sesjonar
av FNs 53. generalforsamling**

*Tilråding frå Utenriksdepartementet av 7. april 2000, god-
kjend i statsråd same dagen.*

1 Samandrag

1.1 Hovudtrekk og aktørar - ei samla vurdering

I det norske innlegget i generaldebatten på FN's 54. generalforsamling påpeikte statsministeren at vi framleis må arbeide for å styrkje FN-systemet, og at medlemsstatane har eit felles ansvar for å sikre ei slik utvikling. FN skal framleis vere eit viktig instrument for å sikre fred og utvikling, samt demokrati og menneskerettar. Kampen mot fattigdom og førebygging av konflikt er sentrale utfordringar for FN. Statsministeren understreka at omsynet til nasjonal suverenitet må vegast opp mot humanitære omsyn og menneskerettar i ein aktuell konflikt.

Haustsesjonen av FN's 54. generalforsamling var prega av brytningar og tillaup til nord-sør-polarisering i drøftingane av dei viktige spørsmåla på sentrale område som fred og tryggleik, utvikling, menneskerettar og humanitære spørsmål. Generalforsamlinga må dessutan sjåast på bakgrunn av Tryggingrådet si handsaming av Kosovo-krisa og den debatten som følgde etter at NATO greip inn.

Generalsekretær Kofi Annan la i innlegget sitt i generaldebatten vekt på problemstillinga menneskeleg tryggleik og intervensjon i lys av utviklinga og dei valdelege konfliktane i dei siste åra. Ut frå eit ønske om å styrkje FN's relevans i høve til menneskeskapte konfliktar stilte han spørsmål om suverenitetsomgrepet, stilt opp mot humanitære omsyn og menneskerettar. Han la stor vekt på ein overgang frå ein kultur prega av reaksjonar til ein kultur for førebyggjande tiltak innan FN. Tryggingrådet og medlemslanda må vise handlegkraft i ein innleiande fase av ein konflikt og bruke eit utvida spekter av verkemiddel med preventivt føremål. Intervensjon må òg definerast breitt for å handtere eit aukande problem med omsyn til utveljing (Rwanda kontra Kosovo) og kan omfatte alt frå fredstrygging og humanitær bistand til atterreisning. Hovudbodskapen var likevel at grenser og nasjonal suverenitet ikkje kan legitimere brotsverk mot menneskja, dersom Tryggingrådet og medlemslanda er medvetne ansvaret sitt etter FN-pakta. Verdssamfunnet må omdefinere både konfliktomgrepet (trussel mot fred og tryggleik) og løysingsmodellane. I dette biletet kan nasjonal suverenitet, etter generalsekretæren si meining, måtte vike for menneskerettar og humanitære verdiar.

Generalsekretæren sitt innlegg utløyste ein viktig, men vanskeleg debatt om suverenitet, humanitær intervensjon og menneskerettar. Ei rekkje land har store reservasjonar til det dei oppfattar som ny vektlegging i spørsmålet om den grunnleggjande balansen i FN-pakta mellom statane sin suverenitet og sine suverene rett, slik dei er nedfelte i FN-pakta artikkel 2.7, og dei andre pliktene i pakta, utanom kapittel VII. Slike reservasjonar kom ikkje til uttrykk berre i generaldebatten, men òg i arbeidet i komiteane og då særleg i 3. komité og i forhandlingane om humanitær bistand. Dødsstrafferesolusjonen medverka til å styrkje motsetningane mellom utviklingsland og industriland. Det nederlaget framleggsstillarane (mellom andre EU-landa og Noreg) gjekk

på ved at dei kjende seg tvinga til å trekkje saka, medverka utan tvil til å skjerpe fleire av motstandarane si lyst til å føre striden over på andre område. Det kom klart fram at ei rekkje utviklingsland ønskte å markere avstand til generalsekretæren si tese om humanitær intervensjon og å stadfeste prinsippet om suverenitet i så mange samanhengar som mogleg.

Utviklingslanda var i endå større grad enn tidlegare vare med omsyn til det dei oppfattar som ulike former for kondisjonalitet frå industrilanda si side. Det utvikla seg ei polarisering under Generalforsamlinga i spørsmål som globalisering og retten til utvikling. I handelsspørsmål er det liten tvil om at utfallet av WTO sitt Seattle-møte vart oppfatta som ei styrking av utviklingslanda sine posisjonar, noko som òg spegla seg i globaliseringsdrøftingane. Godt styresett som ein grunnleggjande føresetnad for ein vellukka utviklingspolitikk møtte sterkare motstand frå G77 (utviklingslanda) enn i tidlegare år.

Toppmøtet om tusenårsforsamlinga vil innleie den 55. generalforsamlinga. Drøftingane om toppmøtet var vanskelege, og spørsmålet om menneskerettane sin plass i drøftingane var eit stridsspørsmål. EU førte eigne drøftingar med G77/NAM (den alliansefrie rørsle), der ein blei førebels samde om å erstatte menneskerettar med globalisering som eit særskilt tema på toppmøtet. Juscanz-landa (OECD-landa utanfor EU), mellom andre Noreg, arbeider for at menneskerettar likevel vert eit eige tema under toppmøtet. Dei vidare førebuingane held fram utover varen.

Reformarbeidet var prega av stillstand, delvis som følge av ein viss reformtrøytteleik i organisasjonen og delvis ut frå dei sentrale utviklingslanda sin motstand mot reformer som kan oppfattast som svekking av påverknaden deira. Debatten i Generalforsamlinga om reform av Tryggingrådet, over to dagar i slutten av sesjonen, gav ikkje noko nytt i eit broket bilete av interesser og motinteresser. Det synest å vere eit fleirtal for ei reform, men det er vanskeleg å peike på ein formel som kan ha noko von om å oppnå det naudsynte to tredels fleirtal i forsamlinga. Motstanden mot reform slår òg over i FN's særorganisasjonar og program. Dei vanskane reformarbeidet har møtt i UNDP, er eit klart eksempel på dette.

FN's finansielle problem varar ved, sjølv om likviditetssituasjonen er betre enn på fleire år. Frå amerikansk side kom det eit framlegg i samsvar med den såkalla «Helms-Biden II»-lova om delbetaling av uteståande gjeld, men med vanskelege føresetnader som reduksjon av USAs ilikna bidrag til FN's regulære budsjett og fredstryggjande operasjonar. Det vil verte vanskeleg å finne allment akseptable løysingar som kan stabilisere organisasjonen sitt finansielle grunnlag ut frå slike vilkår.

Budsjetthandsaminga var uvanleg vanskeleg, og drøftingane i 5. komité var prega av sterk usemje, særleg mellom industrilanda og mange utviklingsland om framlegg som gjekk på reformer og effektivisering. Tendensane til detaljstyring vart snarare styrkte enn svekte. Samtidig gjorde USAs og andre vestlege lands ufråvikelege krav om nominell nullvekst forhandlingane i komiteen vanskelege. Det syntest òg klart at det dårlege klimaet i andre komitear påverka drøftingane om administrative og finansielle spørsmål.

Gledeleg var det likevel at finansieringa av dei fredstryggjande operasjonane i Kosovo, Aust-Timor og Sierra Leone og finansieringa av krigsforbrytar-domstolane gjekk effektivt og raskt. Desse løyvingssakene viste at det er

mogleg å få til konsensus i viktige saker. Etter tilbakeslaget i Kosovo-saka var Tryggingrådet på offensiven. Etter vedtaket om ein internasjonal styrke for Aust-Timor vedtok Rådet å setje i gang ein FN-operasjon i Aust-Timor og ein fredsskapande/fredstryggjande operasjon i Sierra Leone. Arbeidet med andre operasjonar eller FN-misjonar i Afrika (Etiopia/Eritrea, Den demokratiske republikken Kongo, Angola) heldt fram.

Interessant og positivt var det òg at Rådets humanitære dagsorden vart monaleg utvida, til dømes med spørsmål om sivile i væpna konflikt, barn i væpna konflikt, mineproblematikken og handvåpen. Tryggingrådet heldt òg ei rekkje opne møte og høyringar. Med sin breie tilnæringsmåte til samansette konflikter som kravde tiltak av ulik karakter, tok Rådet langt på veg opp hansken frå generalsekretærens innlegg i generaldebatten.

Noregs kandidatur til ein plass i Tryggingrådet for perioden 2001-02 er ei høgt prioritert sak for Regjeringa. Utgangspunktet for kandidaturet er Noregs breie engasjement i FN og i internasjonalt samarbeid generelt, og særleg i høve til fred, tryggleik og utvikling. Det vart under Generalforsamlinga lagd stor vekt på ei aktiv profilering av Noregs politikk i alle relevante saker. Frå norsk side søkte ein òg, på grunnlag av den generelle politikken vår, å medverke til kompromiss i ei rekkje vanskelege saker som under denne sesjonen var prega av polarisering særleg mellom nord og sør. Det er Regjeringa si vurdering at ein på denne måten òg medverka til å styrkje kandidaturet til Tryggingrådet. Valet finn stad på den 55. generalforsamlinga hausten 2000. Det er tre kandidatar til dei to vestlege plassane som skal fyllast ved dette valet. Utanom Noreg er Irland og Italia kandidatar. Tyrkia trekte kandidaturet sitt 7. februar 2000. Det krevst to tredels fleirtal i Generalforsamlinga for å verte vald. Noreg var sist medlem av Tryggingrådet i perioden 1979-80. Kandidaturet har full og aktiv støtte frå dei andre nordiske landa.

1.2 Dei sentrale aktørane

Noreg heldt under den 54. generalforsamlinga stort sett eigne innlegg og slutta seg difor i mindre grad enn tidlegare til EU-innlegg. Det vart òg halde færre nordiske innlegg under Generalforsamlinga. Dette hadde først og fremst samanheng med Noregs kandidatur til Tryggingrådet for perioden 2001-2002 og ønsket om å gje Noreg ein endå klarare profil i FN. Men det var òg eit uttrykk for at Noreg ikkje i alle saker hadde samanfallande synspunkt med EU. Frå norsk side freista ein òg å medverke til kompromiss og la seg på ei konsensusorientert line i ei rekkje vanskelege spørsmål. Ein søkte å utnytte dei tradisjonelt gode kontaktane Noreg har med utviklingslanda for å minske motsetningane mellom utviklings- og industriland.

Det gode nordiske samarbeidet vart vidareført under den 54. generalforsamlinga. Danmark, Sverige og Finlands EU-medlemskap legg likevel viktige føringar på desse landa. EU har vorte ei stadig meir sentral gruppe i FN-samarbeidet og opptre med omsamde haldningar og talar med ei røyst. Det nordiske samarbeidet får dermed meir karakter av tette samråd og informasjonsutveksling frå sak til sak enn framføring av felles standpunkt. Noreg hadde òg nær kontakt med andre likesinna land, særleg innanfor JUSCANZ-gruppa, som er samansett av OECD-land utanfor EU og fungerer som eit uformelt forum for utveksling av informasjon og synspunkt.

Utviklinga har gjort EU til ein sentral politisk aktør og forhandlingspartner. EU er i dag saman med gruppa for utviklingsland (G77) den viktigaste grupperinga i FN. EUs posisjon vert òg styrkt ved at dei assosierte landa i Sentral- og Aust-Europa samla følgjer EU i dei fleste spørsmåla.

USA betalte under Generalforsamlinga inn den minstesummen som var naudsynt for ikkje å misse røysteretten i Generalforsamlinga. Det synest òg klart at administrasjonen i Washington i dag legg større vekt på FN-samarbeidet enn berre for eit år sidan. Dette er ei positiv utvikling for organisasjonen. Men samtidig vert det stilt krav til dei andre medlemslanda om korleis dei amerikanske utfordringane og krava om budsjettnedskjeringar skal handterast.

Dei faste medlemmene av Tryggingsrådet, USA, Storbritannia, Frankrike, Russland og Kina, spelar i kraft av sin posisjon der alltid ei viktig rolle i FN's andre organ. Frankrike og Storbritannia er meir anonyme i Generalforsamlinga på grunn av EU-samarbeidet. Kina har ein sentral posisjon blant utviklingslanda og opererer både innanfor og utanfor G77. Russland legg mykje prestisje og ressursar i Tryggingsrådsarbeidet og søker aktivt å gjere innverknaden sin gjeldande i dei andre organa. Landet viser stor aktivitet under Generalforsamlinga, særleg når det gjeld sosiale og økonomiske spørsmål, og har ofte standpunkt som ligg nær opptil G77 i ei rekkje spørsmål.

G77 valde under denne Generalforsamlinga ei meir markert konfrontasjonsline enn tidlegare i høve til omstridde spørsmål som godt styresett, økonomisk omstrukturering, globalisering, utviklingsfinansiering, retten til utvikling og ikkje minst humanitære spørsmål og menneskerettsspørsmål. Dette gjorde drøftingane om ei rekkje sentrale saker vanskelege. Samtidig er det òg innan gruppa av utviklingsland eit breitt spekter av synspunkt som gjer det mogleg å søkje eit konstruktivt samarbeid på tvers av grupperingane frå sak til sak. Dette var òg tilfelle under denne Generalforsamlinga.

1.3 Reform av FN

Debatten under den 54. generalforsamlinga gav ingen vesentleg framgang i spørsmålet om utviding av Tryggingsrådet. Ein kunne likevel notere framsteg i arbeidsmetodane som Rådet nyttar. Stadig fleire møte vert no haldne i open sesjon. Land som ikkje er medlemmer, får dermed i aukande grad innsyn og kan delta i Rådet sitt arbeid.

Det avteikna seg vidare ein klar tendens i retning av at Rådet opnar for diskusjonar om særlege emne, også tema som tradisjonelt ikkje har vore på Rådet sin dagsorden i skjeringspunktet mellom konflikthandtering, humanitære spørsmål og utvikling.

Generalsekretæren sette i 1998 i gang eit omfattande reformarbeid i personalpolitikken, og på den 53. generalforsamlinga la han personleg fram sin visjon for organisasjonsutvikling i FN og eit breitt reformprogram på personalsektoren. Det står mykje arbeid att før Sekretariatet kan omsetje generalsekretærens visjon i ein konkret handlingsplan for dei komande tre til fem åra.

Det lukkast å kome fram til semje om reformer på miljø- og busetjingsområdet under den vidareførte 53. sesjonen.

1.4 Nedrusting og internasjonal tryggleik

Handsaminga av nedrustingssakene under den 54. generalforsamlinga var prega av stor pessimisme. Dette spegla klart ei internasjonal utvikling med fleire tilbakeslag på områda rustingskontroll, nedrusting og ikkje-spreiing av masseøydeleggingsvåpen. Den kjernefysiske opprustinga i Sør-Asia, det amerikanske Senatet sitt nei til ratifikasjon av prøvestansavtalen og manglande resultat med omsyn til styrking av prøvestansavtalen var mellom dei sakene som medverka til ein lite konstruktiv atmosfære for nedrustingsarbeidet under Generalforsamlinga.

Kjernevåpenspørsmåla stod i forgrunnen under sesjonen dette året. Den såkalla 7-landsgruppa la for andre år fram eit resolusjonsutkast om ein ny dagsorden for kjernefysisk nedrusting. Resolusjonen vart vedteken. Men alle kjernevåpenstatane, med unntak av Kina, røysta mot resolusjonsutkastet. Noreg og dei fleste andre vestlege land avstod òg i år under røystinga på denne resolusjonen, mellom anna fordi han tyktest vere ubalansert i handsaminga av kjernevåpenstatane. Handvåpen var eit anna sentralt spørsmål. Sør-Afrika la fram ein resolusjon om ulovleg handel med handvåpen som mellom andre Noreg var medframleggsstillar til. Det vart vedteke å halde ein internasjonal konferanse om handvåpen i juni/juli 2001.

1.5 Regionale konflikter

1.5.1 Midtausten

Arbeidet med *Midtausten-spørsmål* var vanskeleg trass i ny framgang i fredsprosessen. Dei mange resolusjonane om Midtausten og Palestina-saka var i stor grad uendra frå tidlegare år, og dei verbale utspela frå dei viktigaste aktørane var i hovudsak like uforsonlege som tidlegare. Partane i Midtaustenkonflikten var påpasselege med å ikkje gje substansielle «innrømmingar» i resolusjonsforhandlingane i New York. Årsaka til dette var frykt for at ei oppmjuking av tradisjonelle haldningar i FN ville kunne gjere posisjonane deira i dei bilaterale forhandlingane i regionen vanskelege. Dette var òg årsaka til at det heller ikkje denne gongen var mogleg for Noreg, USA og Russland å leggje fram den såkalla «positive resolusjonen», som er meint å vere ei støtte for fredsprosessen i regionen.

Resolusjonen om den samla tilnærminga til *Irak* vart vedteken i Tryggingrådet 17. desember 1999 etter nærare ti månader med intense tekstforhandlingar. Resolusjonen vart vedteken med røystetala 11-0-4. Frankrike, Russland, Kina og Malaysia avstod. Det at tre av dei fem faste medlemmene i Rådet avstod, viste tydeleg problema Tryggingrådet har med å stake ut ein politikk overfor Irak. Spørsmålet vert om Irak vil vise vilje til å samarbeide med det nye overvakingsorganet UNMOVIC og IAEA på nedrustingssida slik at sanksjonane eventuelt vil kunne suspenderast. Resolusjonen sine føresegner om endringar i olje-for-mat-ordninga (mellom anna om at den øvre grensa for irakisk oljesal vert oppheva) vil likevel tre i kraft utan irakisk medverknad.

Det måtte fleire forhandlingsrundar til før Rådet kunne einast om svensten Hans Blix som leiar for det nye overvakingsorganet, UNMOVIC, i januar 2000.

1.5.2 Afrika

Tryggingsrådet si raske og resolute haldning med omsyn til FN-operasjonar i Kosovo og Aust-Timor har vore ei årsak til kritikk frå mange utviklingsland, særleg afrikanske, som hevdar at Tryggingsrådet ikkje viser same haldning overfor Afrika. Tryggingsrådet nytta likevel i 1999 ein svært stor del av møta sine til å drøfte konflikter i Afrika. Som allmenn haldning støtta Tryggingsrådet opp under regionale meklingsfreistnader og fredstryggjande initiativ, men sette òg i gang ein omfattande FN-operasjon i Sierra Leone. FN støtta òg opp under OAU-meklinga mellom Etiopia og Eritrea og står klar til å ta på seg oppgåver knytte til ein eventuell fredstryggjande operasjon. Tryggingsrådet vurderte òg spørsmålet om å setje i gang ein fredstryggjande operasjon i Den demokratiske republikken Kongo.

Nabolanda si innblanding i konflikten i *Den demokratiske republikken Kongo* og partane sin bruk av nabolanda sine territorium har ført til uro i det internasjonale samfunnet for at konflikten skal spreie seg. Den 10. juli 1999 vart det underskrive ein våpenkvileavtale for Den demokratiske republikken Kongo i Lusaka, der det òg er semje om å halde ein nasjonal dialog mellom styresmaktene og opposisjonen om den politiske framtida for landet. Det skal vidare skipast ein felles hær. Styresmaktene skal på nytt få jurisdiksjon for heile landet. Det vert utplassert militære observatørar og sett i gang ein fredstryggjande operasjon i FN-regi. Dei omfattande og vanskelege oppgåvene knytte til ein slik operasjon, mellom anna avvæpning av militære grupper som ikkje er signatarar til avtalen, manglande samarbeidsvilje frå partane og brot på våpenkvileavtalen, gjer at Tryggingsrådet førebur seg grundig før spørsmålet om ein fredsoperasjon vert avgjort. Møtet i Tryggingsrådet og forhandlingar mellom blant andre statsleiarar frå land i regionen i New York i januar 2000 medverka til ei viss von om ny framgang i fredsprosessen.

Sjå elles under punkt 3.3.1. der det er gjeve ei breiare framstilling av FN's omgang med konfliktane i Den demokratiske republikken Kongo, Burundi, Den sentralafrikanske republikken, Angola, Sierra Leone, Etiopia og Eritrea, Somalia, Vest-Sahara og Libya.

1.5.3 Europa

Etter ei opptrapping av valdsbruk frå regimet i *Den føderale republikken Jugoslavia* (FRJ) mot folket i Kosovo starta NATO den 24. mars 1999 luftåtak mot FRJ samtidig som jugoslaviske styrkar starta ei massiv fordriving av etniske albanarar frå Kosovo til nabolanda Albania og Makedonia.

NATO's luftåtak førte til ei kløyving i Tryggingsrådet mellom dei allierte i NATO på den eine sida og Russland og Kina på den andre. I gruppa av dei sju største industrialiserte statane og Russland (G8) vart det likevel 7. mai 1999 semje om eit kompromiss mellom Russlands og NATO's posisjonar. Denne semja la grunnlaget for Russlands og EU's spesialutsendingar Tsjernomyrdin og Ahtisaari sin fredsplan for Kosovo. Serbia godkjende planen, som førte til uttrekking av jugoslaviske styrkar og innsetjing av ein internasjonal tryggleiksstyrke i Kosovo. Prinsippa i fredsplanen er nedfelte i Tryggingsrådsresolusjon 1244 av 10. juni 1999, der ansvaret for den sivile gjennomføringa er lagt til FN. OSSE fekk mynd til å ta ansvaret for demokrati- og institusjonsbygging samt å halde frie val i samarbeid med FN. EU vart tillagt hovudansvaret for

samordninga av den økonomiske atterreisinga. Generalsekretæren fekk med heimel i resolusjonen fullmakt til å skipe ein mellombels internasjonal sivil administrasjon (UNMIK), som vart tillagt all lovgjevande og utøvande makt i tillegg til administrasjon av rettsstellet. Aldri tidlegare har FN vorte gjeve eit så vidt og krevjande mandat. Gjennomføringa har gått tregare enn ønskt. Ikkje minst står det att vanskelege oppgåver med omsyn til tryggleikssituasjonen og skiping av politistyrke og rettsstell. FN's generalsekretær har ved fleire høve etterlyst større innsats frå det internasjonale samfunnet.

1.5.4 Asia

Aust-Timor var eit svært sentralt punkt på FN's dagsorden i 1999. På grunnlag av avtalen mellom Indonesia, Portugal og FN vart det halde ei folkerøysting 30. august 1999, som gav eit overveldande fleirtal for sjølvstende. Men røystinga vart følgd av omfattande valdshandlingar frå proindonesisk militans, utan at det indonesiske militæret greip inn for å hindre dette. Etter internasjonalt press godtok Indonesia til slutt at det vart sett inn ein fleirnasjonal styrke, leidd av Australia, for å syte for ro og orden. Styrken si verksemd er no overteken av ein omfattande FN-operasjon, som forutan dei militære oppgåvene òg skal utgjere ein overgangsadministrasjon og støtte opp under den humanitære hjelpa og oppbygginga av ein sivil administrasjon og infrastruktur.

Sjå elles under punkt 3.3.5 og 3.3.6. der det vert gjeve ein brei omtale av FN's omgang med konfliktane i Afghanistan og Kambodsja samt konfliktane i Kaukasus-området og Sentral-Asia.

1.6 Fredstryggjande operasjonar

Talet på militært personell tilknytt FN's fredstryggjande operasjonar var midt på 90-talet oppe i ca. 80 000. Per 31. desember 1999 var det tilsvarande talet ca. 10 500. I tillegg ligg det føre fullmakt for ca. 15 000 FN soldatar, som ikkje er utplasserte, for Sierra Leone (UNAMSIL) og Aust-Timor (UNTAET). Sivilt politi talde på same tidspunkt ca. 4 500, ein auke på ca. 2 500 frå 1998. Behovet for år 2000 er ca. 9 000 polititenestemenn.

Noreg deltok per 31. desember 1999 i sju av FN's 17 operasjonar, med 20 militære offiserar i fem operasjonar og med 25 polititenestemenn i fem operasjonar. Dei samla utgiftene til FN's fredstryggjande operasjonar er for 1999 kostnadsrekna til ca. USD 1,3 mrd., ein auke på ca. USD 400 millionar frå 1998.

1.7 Økonomiske og sosiale saker

Gjeld, globalisering, handel og utvikling samt førebuingane til høgnivåmøtet om finansiering av utvikling i 2001 var sentrale spørsmål under handsaminga av økonomiske og sosiale saker. Det viste seg å vere vanskelegare å semjast om resolusjonane i år enn tidlegare år. Det var stor usemje i utviklingslandsgruppa og mellom utviklingsland og industriland, særleg om globalisering og finansiering av utvikling.

Resolusjonen om høgnivåmøtet for finansiering av utvikling vart sett på som ein av dei viktigaste under årets sesjon. Dette høgnivåmøtet er vedteke

halde i 2001 og vert prioritert høgt av utviklingslanda. Ein førebuande komité starta arbeidet sitt alt i januar 2000, og første sesjon finn stad i mai i år.

Diskusjonen om godt styresett som ein grunnleggjande føresetnad for utvikling stod sentralt under den 54. generalforsamlinga. OECD-landa var særleg opptekne av å framheve verdien av godt styresett i resolusjonane om fattigdomslindring og globalisering. Dette møtte sterk motstand frå ei rekkje utviklingsland som fryktar at godt styresett skal verte fastsett som eit vilkår for bistand. Motstanden grunnar seg òg på debatten som går føre seg om reform av UNDP i retning av sterkare vektlegging av styresett. Det vert sett på som viktig for den vidare dialogen om problemstillinga at ein unngjekk ei røysting om formuleringane om godt styresett under Generalforsamlinga.

I diskusjonen om fattigdomslindring vart det frå norsk side lagt vekt på gjeldslette, godt styresett og integrering av utviklingslanda i det multilaterale handelssystemet som grunnleggjande føresetnader for å lindre fattigdom. Det vart oppmoda til auka bistand og til avbinding av bistand. Verdien av utdanning for kvinner/jenter vart understreka. I forhandlingane om gjeldsresolusjonen fokuserte ein frå norsk side på behovet for å sikre finansieringa av det nye HIPC-initiativet (Heavily Indebted Poor Countries) basert på rimeleg byrdefordeling og utan at det minskar utviklingsbistanden.

Utviklingslanda si fokusering på globaliseringsprosessen, det internasjonale finansielle systemet, samt mellominntektslanda sin gjeldssituasjon, kan tolkast som eit uttrykk for at dei meir ressurssterke utviklingslanda i stor grad lukkast i å setje dagsordenen for FN's drøfting av utviklingsspørsmål, til ulempe for til dømes fattigdomslindring og gjeldslette for dei mest gjeldstungde landa. Ein merka òg målmedvetne freistnader på å få godkjent nye særgrupperingar av utviklingsland i bistandssamanheng. Dette gjeld til dømes kystlause statar og små utviklingsøystatar.

1.8 Miljø- og ressursspørsmål

Generalforsamlinga si handsaming av miljø- og ressursspørsmål vart prega av diskusjonen av eit russisk resolusjonsutkast om styrkt samordning mellom miljøkonvensjonane. Til liks med føregåande år vart dette temaet svært omstridd grunna stor motstand frå utviklingslanda mot dei føreslegne tiltaka. Mykje av skepsisen grunnar i ein sterk eigarskap blant utviklingslanda til ørkenspreiingskonvensjonen og ei oppfatning om at konvensjonen ligg etter dei andre miljøkonvensjonane når det gjeld gjennomføring og internasjonal merksemd. Det vart vedteke ei rekkje framlegg om praktisk samarbeid mellom konvensjonane, særleg på sekretariatsplan. Det vart samtidig understreka at konvensjonane er sjølvstendige organ som ikkje kan styrast gjennom vedtak i Generalforsamlinga. Det vart òg vedteke ein resolusjon om førebuingane til tiårsgjennomgangen av gjennomføringa av vedtaka frå FN-konferansen om miljø og utvikling i 1992.

1.9 Menneskerettsspørsmål

Handsaminga av menneskerettsspørsmål under den 54. generalforsamlinga vart sterkt prega av EUs resolusjonsframlegg om dødsstraff og saker som den militære aksjonen i Kosovo, Tryggingrådet si handsaming av Irak, menne-

skerettssendelag til Aust-Timor, samt generalsekretærens tale om mellom anna humanitær intervensjon og nasjonal suverenitet. Desse sakene medverka til ei forsterking av dei motsetningane ein normalt finn i debatten om menneskerettar. Det vanskelege samarbeidsklimaet førte òg til store problem med resolusjonar utanom dødsstrafferesolusjonen, mellom andre om åtferdskodeks for demokrati, om retten til utvikling, om kulturelt mangfald og om globalisering. Med unntak av USAs vanskar med Sudan-resolusjonen, som dei fann for svak, og russiske endringsframlegg om sanksjonar i Irak- og Balkan-resolusjonane, var det ingen større, nye problem i handsaminga av landresolusjonane.

I Noregs hovudinnlegg i 3. komité om menneskerettar la ein vekt på verdien av fattigdomslindring og fremjing av dei økonomiske, sosiale og kulturelle rettane i tillegg til dei sivile og politiske. Det nasjonale arbeidet med menneskerettar vart presentert. Dødsstraff, rasediskriminering, barn sine rettar, straffridom og verdien av religionsfridom vart omtala. Det vart vist til menneskerettssituasjonen i ei rekkje land. H.K.H. Kronprins Haakon heldt dei norske innlegga om rasisme og om barn sine rettar. I debatten om rasisme vart det uttrykt brei støtte til Verdskonferansen mot rasisme i 2001 og til Sør-Afrikas tilbod om å vere vertsland for konferansen.

1.10 Humanitære spørsmål

Forhandlingane om dei humanitære resolusjonane var i år gjennomgåande vanskelegare enn tidlegare. Særleg vanskeleg var det å oppnå semje om resolusjonen om tryggleik for humanitært personell og FN-personell. Vanskane kan mellom andre sporast attende til det breiare temaet i årets Generalforsamling om «humanitær intervensjon» og debatten i Tryggingsrådet på grunnlag av generalsekretærens rapport om vern av sivile i væpna konflikt. Somme utviklingsland var på denne bakgrunnen særleg opptekne av å sikre tydelege referansar til nasjonal suverenitet og kvalifisere tilvisingane til sikker og uhindra tilgang for humanitær bistand i resolusjonane. Ein lukkast til slutt å få semje om resolusjonen om tryggleik for humanitært personell og FN-personell, som på ein akseptabel måte speglar den alvorleg forverra situasjonen på dette området. Viktigast er det at ein i resolusjonen ber generalsekretæren utarbeide ein rapport til mai 2000 med framlegg til utviding av mandatområdet for Konvensjonen om tryggleik for FN-personell og tilknytt personell.

Forhandlingane om resolusjonen om minetiltak vart prega av at land som ikkje har underskrive landminekonvensjonen, motsette seg ein omtale av denne som kunne oppfattast som aksept av det arbeidet som går føre seg etter konvensjonen. Her òg merka ein stor sensitivitet med omsyn til nasjonal suverenitet. Ein lukkast likevel å kome fram til ein akseptabel tekst.

1.11 Oppfølging av kvinnekongressen i Beijing

Høgdepunktet under handsaminga av kvinnespørsmål var vedtakinga av ein frivillig protokoll til Kvinnekonvensjonen. Protokollen opnar for individuelle klagar til Kvinnekomiteen og gjev rett til eigen undersøkingsprosedyre. Han er eit absolutt framsteg i arbeidet med å fremje og verne kvinnene sine menneskerettar. Noreg var mellom dei første landa som skreiv under protokollen. Frå 5. til 9. juni 2000 vil det verte halde ein spesialsesjon om arbeidet med kvin-

nespørsmål etter Kvinnekonferansen i Beijing og iverksetjing av Nairobi-strategiane for fremjing av kvinner. Spesialsesjonen er kalla «Kvinner 2000: likestilling, utvikling og fred på 2000-talet». Debatten vart prega av førebuingane til denne konferansen.

1.12 FNs finansar

FNs økonomiske situasjon ved utgangen av 1999 var betre enn tidlegare etter som FN for første gong på fleire år hadde positiv likviditet på det regulære budsjettet. Dette kjem av at USA betalte inn USD 731 mill. til FN i 1999. Men medlemslanda skuldar enno FN over USD 2 mrd., og av dette skuldar USD 1,94 mrd. til fredstryggjande operasjonar. Sjølv om situasjonen er noko lysare enn i tidlegare år, kan ein heller ikkje i 2000 sjå bort frå at FN må låne inn midlar frå dei fredstryggjande operasjonane til den daglege drifta. Generalforsamlinga vedtok eit budsjett for 2000-2001 på USD 2 536 mrd. Det vart vedteke auka løyvingar i budsjettet for krigsforbrytardomstolane i det tidlegare Jugoslavia og Rwanda.

1.13 Juridiske spørsmål

Respekt for folkeretten og den internasjonale rettsordenen er grunnleggjande føresetnader i FN-pakta og i FNs institusjonelle system. Dette var òg gjennomgangstenen i innlegga under Generalforsamlinga si markering av avslutninga av FN's folkerettstiår (1990-1999). Markeringa demonstrerte fornya vektlegging av verdien av folkeretten for å halde ved lag internasjonal fred og tryggleik, utvikling av fredelege relasjonar mellom statar og sikring av rammevilkår for menneskerettane og dei grunnleggjande fridomane. Skipinga av to internasjonale ad hoc-straffedomstolar for krigsbrottsverk og brotsverk mot menneskje i høvesvis det tidlegare Jugoslavia og Rwanda, samt vedtakinga av statutane for Den internasjonale straffedomstolen (Roma-vedtektene), inneber store framsteg når det gjeld styrking av folkeretten gjennom internasjonal institusjonsbygging. Vidare har ein i folkerettstiåret fått skipa ein eigen havrettsdomstol, som ein del av det institusjonelle systemet under FN's havrettskonvensjon (HRK) av 1982. Ei styrking og utvikling av HRKs system som den overordna rettslege ramma for tiltak i marin sektor vil vere eit hovudomsyn frå norsk side også i det vidare arbeidet med havrettsspørsmål.

2 Konstituering og utvikling

2.1 Avslutning av den 53. generalforsamlinga

Den 53. generalforsamlinga vart førebels avslutta 11. desember 1998. Ho kom saman med jamne mellomrom våren og sommaren 1999 for å drøfte uteståande spørsmål på dagsordenen. Den 53. generalforsamlinga vart formelt avslutta 13. september 1999.

2.2 Oppnemning av delegasjon til den 54. generalforsamlinga

Til å representere Noreg på FN's 54. generalforsamling vart følgjande delegasjon oppnemnd:

| | |
|--------------------------------------|-----------------------------------|
| Delegerte: | |
| Utanriksminister | Knut Vollebæk, leiar |
| Utviklings- og menneskerettsminister | Hilde Frafjord Johnson, nestleiar |
| Statssekretær | Leiv Lunde, nestleiar |
| Statssekretær | Janne Haaland Matlary, nestleiar |
| Statssekretær | Wegger Chr. Strømmen, nestleiar |
| Ambassadør | Ole Peter Kolby, nestleiar |
| 1. del av sesjonen: | |
| Delegerte: | |
| Storingsrepresentant | Kristin Krohn Devold |
| Storingsrepresentant | Are Næss |
| Vararepresentantar: | |
| Storingsrepresentant | Dag Terje Andersen |
| Storingsrepresentant | Per Erik Monsen |
| Storingsrepresentant | Torny Pedersen |
| Storingsrepresentant | Trond Giske |

| | |
|----------------------|---------------------|
| 2. del av sesjonen | |
| Delegerte: | |
| Storingsrepresentant | Svein Ludvigsen |
| Storingsrepresentant | Jorunn Ringstad |
| Vararepresentantar: | |
| Storingsrepresentant | Aud Blattmann |
| Storingsrepresentant | Ola Røtvei |
| Storingsrepresentant | Åse Wisløff-Nilssen |
| Storingsrepresentant | Harald T. Nesvik |

| |
|-----------------------------------|
| Observatørar: |
| Norsk Misjonsselskaps Ungdom |
| NHO |
| Norsk Lærarlag |
| Unge Høgre |
| Kristeleg Folkepartis Kvinner |
| LO |
| FN-Veteranenes Landsforbund |
| FN-sambandet |
| NGO-Forum for Menneskerettigheter |
| Flyktningrådet |
| Mellomkyrkjeleg råd |
| Metodistkyrkja |
| Antirasistisk Senter |
| Pressemedarbeidar Hilde Harbo |

I tillegg deltok som rådgjevarar for delegasjonen medarbeidarane ved Noregs faste delegasjon til Dei sameinte nasjonane og andre norske utanriksstasjonar, samt embets- og tenestemenn som arbeider med FN-spørsmål i Utanriksdepartementet.

H.K.H. Kronprins Haakon deltok òg under delar av den 54. generalforsamlinga.

2.3 Forsamlinga si utvikling

Den 54. generalforsamlinga vart opna 14. september og førebels avslutta 23. desember 1999.

Dagsordenen for Generalforsamlinga omfatta i alt 163 punkt. Sakslista for den 54. generalforsamlinga kom til slutt opp i 170 punkt før sesjonen vart avslutta.

I den føreliggjande stortingsmeldinga er det gjort greie for dei hovudsakene som prega denne sesjonen. Som grunnlag for arbeidet sitt hadde delegasjonen på vanleg måte instruksar frå Utanriksdepartementet. Delegasjonen stod i nær kontakt med dei nordiske landa sine delegasjonar, EU-landa sine delegasjonar og andre delegasjonar som det var naturleg å samarbeide med i dei einskilde sakene.

2.4 Konstituering og val av nye medlemmer

Den 54. generalforsamlinga valde Namibias utanriksminister Theo-Ben Gurirab til president. Som visepresidentar vart valde representantane for desse landa: Algerie, Bolivia, Elfenbeinskysten, Cuba, Den demokratiske republikken Kongo, Frankrike, Grenada, Island, Iran, Irak, Kina, Litauen, Monaco, Nigeria, Russland, Seychellane, Nord-Korea, Tadsjikistan, Thailand, Storbritannia og USA.

Om Noregs deltaking i den 54. ordinære generalforsamlinga i Dei sameinte nasjonane (FN) og vidareførte sesjonar av FN's 53. generalforsamling

Republikken Kiribati, republikken Nauru og kongeriket Tonga vart tekne opp som nye medlemmer av FN under den 54. generalforsamlinga. FN har dermed 188 medlemmer.

På den 54. generalforsamlinga vart det valt inn fem nye ikkje-faste medlemmer av Tryggingrådet for perioden 2000-2001, nemleg Bangladesh, Jamaica, Mali, Tunisia og Ukraina.

3 Oversyn og vurdering av FN's 54. generalforsamling

3.1 Reform av FN

3.1.1 Reform på miljø- og busetjingsområdet

Generalsekretæren oppnemnde i 1998 ei arbeidsgruppe som fekk i oppgåve å utarbeide tilrådingar og framlegg for å styrkje FN's arbeid på miljø- og busetjingsområdet. Miljøvernminister Guro Fjellanger var blant medlemmene av gruppa. I tråd med arbeidsgruppa sine tilrådingar vart det til den 53. generalforsamlinga føreslege 24 tiltak for å styrkje FN's arbeid på dette området både på sekretariatsnivå, i UNEP og Habitat, og på mellomstatleg nivå.

På det mellomstatlege området vart det mellom anna føreslege skipa eit globalt miljøvernministerforum, som skulle ha utgangspunkt i UNEPs styre, og som burde opnast for universelt medlemsskap. Vidare vart det føreslege oppnemnd ei miljøvernadministrasjonsgruppe (EMG) under leiing av UNEPs eksekutivdirektør og med deltaking frå alle relevante FN-organisasjonar for å sikre betre samordning, unngå duplisering og gjere FN-systemet betre i stand til å analysere og agere på utviklingstrekk med omsyn til miljø og busetjing.

Forhandlinga om framlegga i arbeidsgruppa sin rapport kom ikkje i gang før juni 1999. Utviklingslanda uttrykte stor skepsis til ideen om nærare integrasjon eller geografisk samlokalisering av konvensjonssekretariata. Det var interesse for framlegget om oppnemning av den føreslegne miljøvernadministrasjonsgruppa (EMG), men samtidig eit ønske om å avklare ei rekkje spørsmål knytt til gruppa sitt mandat. Utviklingslanda tenkte seg i utgangspunktet EMG som ein mellomstatleg prosess, medan industrilanda hevda at gruppa sin funksjon var ein sekretariatsfunksjon for styrkt samordning. Det var òg usemje om framlegget om universalisering av UNEPs styre. Det same gjaldt framlegget om at UNEP skulle ha ei rolle i miljø- og ressurskonfliktar.

Det vart semje om behovet for å styrkje FN's kontor i Nairobi, å sikre verksemda meir stabile og føreseielege økonomiske ressursar, og å medverke til betre utnytting av dei eksisterande fasilitetane i Nairobi. Ein vart òg samde om å oppnemne EMG, og det skal forhandlast om EMG's mandat under den vidareførte sesjonen av den 54. generalforsamlinga. Det lukkast òg å oppnå semje om å innføre eit årleg miljøvernministermøte og om eit framlegg om auka samordning mellom miljøkonvensjonane, men samtidig som verdien av full respekt for sjølvstyret til konvensjonssekretariata vert understreka. Vidare understrekar ein verdien av å styrkje UNEPs evne til å gjere vurderingar av globale miljømessige utviklingstrekk og organisasjonen si evne til å medverke til kapasitetsbygging og forskingsverksemd i utviklingsland. Det vart òg understreka at UNEP ikkje skal ha noka rolle i førebygging av konflikt.

3.1.2 Reform av Tryggingsrådet

Spørsmålet om reform og utviding av Tryggingsrådet er sentralt i reformarbeidet i FN. Rådet vart sist utvida i 1963, frå 11 til 15 medlemmer. Den 48. generalforsamlinga oppnemnde ei arbeidsgruppe for alle FN's medlemsland for å vurdere alle sider ved spørsmålet om ei utviding av medlemstallet i Tryggingsrådet, samt Rådets arbeidsmetodar og tilhøvet til andre medlemsland.

Arbeidet har gjeve konkrete resultat, mellom anna i form av at fleire møte og debattar i Tryggingsrådet no er opne for deltaking og innlegg av land som ikkje er medlemmer av Rådet. Noreg er blant dei landa som aktivt har nytta seg av dette høvet. Orienteringar frå FN-sekretariatet og diskusjonar i samband med resolusjonsvedtak, som tidlegare til vanleg fann stad i lukka samråd i Rådet, vert stadig oftare haldne i opne møte. I tillegg har Rådet opna opp for tematiske debattar, også om utradisjonelle tema som aids. Det har utvikla seg ei brei semje om behovet for openskap og om nytten av mekanismar for samråd, mellom anna mellom Rådet og troppebidragsytande land.

Samtidig har arbeidet i den opne arbeidsgruppa har vore prega av stor avstand i synspunkta på prinsippa for korleis ei utviding av Rådet bør gå føre seg. Det har avteikna seg brei semje om at Rådet bør utvidast for at samansetjinga av Rådet betre skal spegle dei politiske og økonomiske realitetane i verda i dag, medrekna auken i talet på medlemsland, og for at utviklingsland skal kunne få betre representasjon. Men situasjonen er fastlæst når det gjeld korleis ei utviding skal gjennomførast.

Det er særleg i spørsmålet om ei utviding av Tryggingsrådet også skal omfatte nye faste medlemmer i tillegg til dei 5 i dag, at usemje er stor. Noreg la saman med dei nordiske landa i 1995 fram eit felles posisjonspapir, der det vert føreslege ei utviding med fem nye faste medlemmer, samt eit avgrensa tal (3) ikkje-faste. Dei nordiske landa, mange vestlege land og ein del andre land har gjeve støtte til Tyskland og Japan sine kandidatur til fast plass i Rådet, samtidig som ein går inn for tre nye faste plassar til utviklingsland. Eit fleirtal av FN's medlemsland ønskjer ei utviding som òg omfattar nye faste plassar. Men eit mindretal, som mellom anna omfattar både fleire mellomstore utviklingsland og industriland, avviser ei utviding av talet på faste plassar og viser til at dette vil auke den noverande ubalansen og fungere udemokratisk. Dette vert ofte kopla til kritikk av vetoretten.

Blant dei landa som støttar nye faste plassar er det òg usemje i spørsmål som grunnlag og kriterium for utveljing av nye faste medlemmer og om det samla talet i eit utvida Tryggingsråd. USA og Russland meiner til dømes at 20-21 land må vere maksimum, av omsyn til effektiviteten i Rådet, medan utviklingsland i hovudsak meiner at 24 er eit absolutt minimum. Også i spørsmålet om vetoretten og ei eventuell utviding av denne til å omfatte nye faste medlemmer er det behov for ytterlegare avklaring.

Arbeidsgruppa heldt fram arbeidet sitt i 1999, men forhandlingane gav ikkje noko særleg nytt. Utsiktene til vidare reell framdrift er framleis usikre. Debatten under den 54. generalforsamlinga forsterka dette inntrykket og stadfesta at situasjonen synest fastlåst.

3.1.3 Spørsmål om finansielle og administrative reformer

Den amerikanske Kongressen vedtok den 19. november 1999 den såkalla «Helms-Biden II»-lova om nedbetaling av USAs gjeld til FN. Nedbetalingspakken er på USD 926 mill. over tre år, medrekna USD 710 mill. til FN's regulære budsjett og FN's fredstryggjande operasjonar. Eit sentralt krav for å nedbetale gjelda er at USAs del av det regulære budsjettet vert senka frå 25 til 22 prosent, og at USAs del til dei fredstryggjande operasjonane vert senka frå 30 til 25 prosent. FN vedtek ein ny bidragsskala kvar tredje år. På den 54. generalforsamlinga skulle ein ha vedteke ein resolusjon som gjev rettleiing til Bidragskomiteen om korleis han skal tillempe metodologien for den nye skalaen for perioden 2001-2003. Frå dei vestlege landa har det vore eit krav gjennom heile 1990-talet å få til ei grunnleggjande reform av bidragsskalaen, for å gjere han rettferdig, enkel, pårekneleg, sjølvjusterande og felles for det regulære budsjettet og dei fredstryggjande operasjonane. I det norske innlegget om bidragsskalaen støtta vi reform av bidragsskalaen. Vi sa òg at ein no bør vurdere fordelar og ulemper ved å behalde eit tak så høgt som 25 prosent, men at ei slik vurdering berre kunne hende i samband med oppgjer av bidragsgjeld til FN. Forhandlingane om bidragsskalaen vart likevel som tidlegare prega av manglande fleksibilitet og sans for proporsjonar, og det synest å gå nasjonal prestisje i arbeidet med å minske sitt eige lands bidrag så langt det var råd. «Taket» på bidragsskalaen - som tilsvarar USAs bidrag - vart så vidt nemnt. Både EU og utviklingslanda gjekk inn for å halde på det noverande «taket» på 25 prosent. Dei afrikanske landa hevda at dersom «taket» vert senka, må det ikkje gå ut over utviklingslanda. Saka vart utsett til vidareført sesjon i mars 2000. Utviklingslanda har hittil vore heilt avvisande til å omforhandle skalaen for fredstryggjande operasjonar.

Dei fleste vestlege landa hadde store forventingar til generalsekretærens framlegg om at FN skal gå over til resultatbasert budsjettering. Ei slik reform vil kombinere målstyring, rammeløyvingar og større fridom for sekretariatet med sterkare krav til oppfølging, resultat og resultatrapportering. Innføring av ei slik reform vil innebere ei fundamental endring i måten Generalforsamlinga arbeider på. I dag har hovudvekta vore lagt på detaljstyring og budsjettinnsatsane. Men på grunn av stor motstand frå dei fleste G77-landa, ein overbelastning dagsorden og forseinka rapportering vart det ikkje tid til noka substanshandsaming av denne saka. Handsaminga av saka vart utsett til Generalforsamlinga sin vidareførte sesjon i mars 2000.

Ein annan komponent i generalsekretærens reformframlegg som har skapt stor strid, var opprettinga av ein konto for utviklingsføremål, som skal finansierast ved hjelp av administrative innsparingar. Sjølv opprettinga av kontoen vart vedteken på den 53. generalforsamlinga. Det store problemet var likevel spørsmålet om reglane for bruk av ein slik konto. G77-land støtta av Japan kravde oppretting av ein konto der oppsamla innsparingar som følgje av effektiviseringstiltak skulle utgjere grunnlaget for utviklingskontoen i framtidige budsjett. Dette innebar at i tillegg til dei USD 13 mill. som alt stod på kontoen skulle ein plusse på årlege innsparingar frå andre budsjettpostar. Men USA kunne ikkje akseptere dette konseptet og var berre villig til å akseptere at USD 13 mill. vart teke med på utviklingskontoen for budsjettåret 2000-2001. Sjølv om kravet til oppsamla innsparingar ikkje vart teke med i den teksta som vart vedteken, set nok ikkje det vedtaket som vart fatta, nokon sluttstrek over problemet med stor usemje om framtida for kontoen. USA hevda i ei røyste-

forklaring at det ikkje hadde vore meininga at dette skulle verte ein permanent konto.

Eit anna spørsmål det herska stor usemje om, var spørsmålet om reform av FN's innkjøpsrutinar. Hovudproblemet er utviklingslanda sitt krav om såkalla positiv skilnadshandsaming av utviklingsland for å auke delen av FN's innkjøp frå desse landa. EU kravde at FN under elles like omstende skulle føretrekkje leverandørar frå medlemsland som ikkje er meir enn eitt år på etterskot med bidraga sine til FN's regulære budsjett. Utviklingslanda måtte til slutt gje opp kravet om eit bindande vedtak om positiv skilnadshandsaming under den 54. generalforsamlinga etter sterk motstand frå USA og EU. Kompromisset vart at generalsekretæren framleis skal undersøkje på kva måtar FN kan auke sjansane for utviklingsland til å få innkjøpskontraktar samtidig som det vert teke omsyn til andre FN-organ si røynsle med positiv skilnadshandsaming og rapportere om dette i generalsekretærens neste rapport om innkjøpsreformer. EU gav deretter opp kravet om at FN skulle føretrekkje leverandørar frå dei landa som hadde betalte bidraga sine.

Når det gjaldt personellspørsmål og løns- og tenestevilkår, låg det føre eit reformframlegg om at Generalforsamlinga skulle innleie ein gjennomgang av Den internasjonale tenestemannskommisjonen (ICSC). ICSC gjev Generalforsamlinga innstilling om løns- og tenestevilkår som gjeld for heile FN-systemet med unntak av Bretton Woods-institusjonane. ICSC har samarbeidsproblem med FN's personalorganisasjonar, som er sterkt kritiske til ICSC's arbeid og meiner at det ikkje vert teke omsyn til synspunkta deira. Under den 54. generalforsamlinga gjekk fagforeiningane inn for betre lønsvilkår og kritiserte manglande karrieretilbod innan organisasjonen. Når det gjeld framlegget om ein gjennomgang av ICSC meinte dei fleste vestlege landa at Kommisjonen kan forbetre arbeidsmetodane sine, medan fleire land i G77 avviste ein gjennomgang fordi dei meiner at Kommisjonen per i dag fungerer tilfredsstillande. Formannen i ICSC kjem frå eit G77-land og tolkar kravet om ein gjennomgang som kritikk. I vedtaket som vart fatta, vart spørsmålet om reglane for ein gjennomgang utsett til den 55. generalforsamlinga i påvente av ein rapport frå generalsekretæren.

3.2 Nedrusting og internasjonal tryggleik

Handsaminga av nedrustingssakene under Generalforsamlinga dette året var prega av stor pessimisme. Dette spegla klart ei internasjonal utvikling med fleire tilbakeslag på områda rustingskontroll, nedrusting og ikkje-spreiing av masseødeleggingsvåpen. Denne utviklinga vart illustrert mellom anna ved den kjernefysiske opprustinga i Sør-Asia, manglande rørsle i den bilaterale kjernefysiske nedrustingsprosessen mellom USA og Russland, eit amerikansk ønske om revisjon av ABM-avtalen, det amerikanske Senatet sitt nei til ratifikasjon av prøvestansavtalen (CTBT) og manglande resultat med omsyn til styrking av ikkje-spreiingsavtalen (NPT).

Det var såleis kjernevåpenspørsmåla som stod i forgrunnen under sesjonen dette året. Den såkalla 7-landsgruppa eller «ny agenda»-koalisjonen la for andre år fram eit resolusjonsutkast om kjernefysisk nedrusting. Utkastet fekk stor politisk merksemd. Resolusjonen vart vedteken, men kjernevåpenstatane, med unntak av Kina, røysta mot. Noreg og dei fleste NATO-landa og

andre vestlege land avstod som i fjor. Med unntak av kjernevåpenstatane var Polen og Ungarn dei einaste NATO-land som røysta mot resolusjonen.

Med referanse til amerikansk lovgjeving som opnar for utvikling av eit nasjonalt rakettforsvar (ABM), la Russland, med støtte frå Kviterussland og Kina, fram eit resolusjonsframlegg som understreka verdien av ABM-avtalen og var ein kritikk av freistnader på å få endringar i avtalen som opnar for slike tiltak. Då ABM-avtalen i første instans er ei sak for dei to avtalepartane, og USA gjekk imot framlegging av resolusjonen, valde Noreg og dei andre NATO-landa, med unntak av Frankrike, å avstå under røystinga. Desse landa heldt ei felles røysteforklaring som òg fekk tilslutnad frå ei rekkje andre like-sinna land, der ein la vekt på at ein ikkje kan slutte seg til ein resolusjon som ikkje har støtte frå dei to avtalepartane. Resolusjonen vart likevel vedteken med stort fleirtal.

Det vart vedteke å ikkje leggje fram eit resolusjonsframlegg om å starte forhandlingar om eit forbod mot produksjon av spaltbart materiale for våpenføremål fordi det, mellom anna pga. kinesisk motstand, ikkje var mogleg å få vedteke resolusjonen med konsensus.

På den konvensjonelle sida stod problema knytte til ukontrollert spreiding av handvåpen sentralt. Sør-Afrika la fram ein resolusjon om ulovleg handel med handvåpen som mellom andre Noreg var medframleggsstillar til. Ein annan resolusjon introdusert av Japan om ein internasjonal konferanse om handvåpen vart gjenstand for lange og vanskelege forhandlingar. Det vart vedteke at det skal haldast ein slik konferanse i juni/juli 2001, med tre førebuande sesjonar for å vedta konferansen sin møtestad, dagsorden, deltaking, naudsynt dokumentasjon, sluttdokument o.l. Frå norsk side arbeidde ein, saman med til dømes EU-land og Sør-Afrika, for ein meir einskapleg, open og inkluderande førebuande prosess og eit klarare mandat for deltaking av ikkje-statlege organisasjonar enn kva den vedtekne resolusjonen legg opp til.

3.3 Regionale konflikter

3.3.1 Afrika

I *Den demokratiske republikken Kongo* tok ein breitt samansett allianse under leiing av Laurent Kabila makta i 1997. Landet vart likevel etter kort tid kasta inn i ein ny borgarkrig, med omfattande innblanding frå fleire naboland. Zimbabwe, Angola og Namibia støttar Kabila, medan Kabilas tidlegare støttespelarar Rwanda og Uganda er involverte på opprørarane si side. Opprørsrørslene CRD (Congolesse Rally for Democracy) og MLC (Movement for the Liberation of Congo) har i over to år kontrollert store delar av landet. Det er stor uro i det internasjonale samfunnet for at konflikten kan spreie seg. Det er òg uro over at konflikten vil kunne føre til ei varig deling av landet. I den seinare tida har det vore aukande motsetningar mellom opprørsgruppene, og mellom Uganda og Rwanda òg.

Etter ein forhandlingsprosess i regi av Den regionale samarbeidsorganisasjonen i det sørlege Afrika (SADC) og Organisasjonen for afrikansk einskap (OAU), leidd av Zambias president Chiluba, vart det den 10. juli 1999 underskrive ein våpenkvileavtale i Lusaka. Pga. intern usemje om kven som kunne representere opprørsgruppene, skreiv ikkje desse under avtalen før 31.

august. Som ein del av avtalen skal det haldast ein nasjonal dialog mellom representantar for styresmaktene og opposisjonen om den politiske framtida for landet. Ketumile Masire, tidlegare president i Botswana, er oppnemnd som leiar for gjennomføring av dialogen. Det er oppnemnd ein felles militær kommisjon og politisk komité for partane i konflikten. Denne skal fatte vedtak med omsyn til gjennomføringa av avtalen i ein overgangsfase, under overoppsyn av OAU og FN. Tryggingrådet gav like etter underskrivinga av Lusaka-avtalen mandat til utplassering av opptil 90 militære sambandspersonell. Pga. manglande tilgjenge, tryggleiksgarantiar og samarbeid frå dei stridande partane har FN så langt ikkje gjeve mandat til militære observatørar eller ein fredstryggjande operasjon i FN-regi. Stadige brot på våpenkvila har ført til at mange medlemmer av Tryggingrådet ønskjer eit grundig førebuingarbeid før det eventuelt vert gjeve eit mandat for meir omfattande operasjonar.

Etter Pierre Buyoyas statskupp i juli 1996 har det vore borgarkrigsliknande tilstandar i *Burundi*. Freistnadene på å løyse konflikten har vore fokusert på den såkalla Arusha-prosessen under leiding av tidlegare president i Tanzania, Julius Nyerere. Prosessen har så langt gjeve få konkrete resultat, mellom anna pga. usemje om kva partar som har rett til å delta i forhandlingane. Dei regionale sanksjonane har ikkje hatt dei tilsikta verknadene, og i januar 1999 vedtok nabolanda å suspendere desse. Den siste delen av 1999 har vore karakterisert ved ei forverring av dei politiske, militære og humanitære tilhøva i landet. Det har vore ei radikalisering av somme politiske grupperingar og ein kraftig auke i væpna samanstøytar mellom opprørarane og hæren. Tryggleikssituasjonen har ført til at styresmaktene har gjennomført ei omfattande flytting av folket i områda rundt Bujumbura til såkalla sikre område. Dette er leirar som har svært dårlege humanitære tilhøve. I oktober 1999 vart to representantar frå WFP og UNICEF drepne og ein UNDP-representant hardt skadd i ein flyktningleir sør i Burundi. Etter Nyereres død hausten 1999 vart Nelson Mandela den 1. desember 1999 oppnemnd som leiar for Arusha-forhandlingane.

Den sentralafrikanske republikken vart i 1996 råka av omfattande sosial uro og væpna samanstøytar utløyst av eit opprør i dei væpna styrkane i landet. Det fransk-afrikanske toppmøtet vedtok i januar 1997 å skipe ein inter-afrikansk fredstryggjande styrke (MISAB) for å overvake gjennomføringa av ei fredsløysing. I august 1997 vedtok Tryggingrådet eit mandat for ein styrke (MINURCA) som mellom anna omfatta bistand til valføreuing. Parlamentsvala vart gjennomførte i november/desember 1998 på ein tilfredsstillande måte. Presidentvala i andre halvdel av 1999 vart likevel sett på som endå viktigare, og generalsekretæren foreslo difor at nedtrappinga av MINURCAs nærvære vart utsett, og at MINURCA medverka til valføreuingane, omstrukturering av dei væpna styrkane og trygging av tryggleikssituasjonen. Presidentvalet vart halde 19. september og president Patassé fekk det naudsynte fleirtalet for å halde fram i vervet. MINURCAs nærvære skal gradvis trappast ned i perioden fram til 15. februar 2000 for å sikre overgangen til eit FN-kontor som skal arbeide for nasjonal forsoning, styrking av demokratiske institusjonar og tilrettelegging for internasjonal politisk og økonomisk støtte til landet.

Fredsprosessen i *Angola* stoppa opp då motstandsørsla UNITA nekta å akseptere nederlaget i dei første frie vala i landet i 1992. Ein ny fredsavtale vart inngått i Lusaka i 1994, og denne utgjorde grunnlaget for ein fredsprosess

under nærvere av den fredstryggjande FN-operasjonen UNAVEM. UNAVEM vart i juni 1997 erstatta av observatørstyrken MONUA. Noreg har delteke med militærobservatørar i begge desse operasjonane. Eit viktig framsteg vart gjort i april 1998 med skipinga av ei samlingsregjering med medlemmer frå UNITA og MPLA. Dette vart likevel følgd av ein fase med auka spenning, mellom anna som følgje av utviklinga i Kongo. UNITA-leiaren Jonas Savimbi nekta å overgje kontrollen over strategisk viktige område til samlingsregjeringa trass i at Tryggingrådet innførte skjerpa sanksjonar for å framtvinge oppfylling av denne delen av Lusaka-avtalane. Det vart òg klart at rørsla hadde behalde monaleg større militær kapasitet enn det som hadde vorte opplyst til FN's demobiliseringsprogram.

I løpet av 1998 auka den militære spenninga i Angola, og som følgje av ei militær opptrapping frå UNITA's side innleidde regjeringsstyrkane mot slutten av året ein militær offensiv mot dei viktigaste basane til UNITA. Situasjonen utvikla seg på nytt til ein regulær borgarkrig. Fordi det ikkje var mogleg for MONUA å halde fram aktivitetane sine, vart det våren 1999 fatta eit vedtak om utfasing av operasjonen. Samtidig skulle FN forhandle med Angolas styresmakter om å skipe eit FN-kontor med eit meir avgrensa mandat. Tryggingrådet vedtok i oktober å skipe eit slikt kontor (UNOA). I lys av røynslene med fredsprosessen og UNAVEM har styresmaktene si haldning til FN vore prega av mistru. Våren 1999 vart det oppretta to panel under FN's sanksjonskomité for Angola. Desse skal vurdere tiltak for å effektivisere sanksjonane mot UNITA. Det er alt klart at sanksjonane retta mot UNITA har byrja å svekkje organisasjonen si evne til å føre krig. Dette har medverka til eit noko betre tilhøve mellom styresmaktene i Angola og FN.

Ein junta under leiing av Johnny Koromah tok i mai 1997 makta i *Sierra Leone* ved eit militærkupp. Den tidlegare presidenten i landet, Kabbah, vart likevel innsett på nytt i mars 1998 etter at den regionale fredstryggjande styrken ECOMOG tok kontrollen over hovudstaden Freetown og store delar av landet. FN's tryggingråd sette i gang observatøroperasjonen UNOMSIL, som skulle gje råd til sierraleonske styresmakter og samtidig vareta kontakten med ECOMOG. Styrkar med tilknytning til den tidlegare juntaen og opprørsrørsla RUF (Revolutionary United Front) heldt fram kampane i den nordaustlige delen av landet. Grufulle overgrep mot sivile, til dømes lemstringar, vilkårlege drap og seksuelle overgrep, inngjekk i strategien til opprørarane. Mot slutten av 1998 innleidde opprørarane ein offensiv som førte til at dei på nytt tok og heldt hovudstaden i ein kort periode før dei vart drivne ut av ECOMOG-styrkar. Den korte intervensjonen i området påførte lokalsamfunnet store lidningar. Den humanitære situasjonen for dei mange internflyktningane i opprørskontrollerte område var svært vanskeleg. ECOMOG, som i hovudsak bestod av troppar frå Nigeria, forsterka etter dette kontrollen sin over dei sørlege delane av landet. Tryggingrådet gjekk inn for ei tospors tilnærming der ein (1) støtta ECOMOG og (2) arbeidde for ei forhandlingsløyning mellom partane i konflikten. Etter innføring av våpenkvile vart det 7. juli 1999 underskrive ein fredsavtale for Sierra Leone. Avtalen skipar ei overgangsregjering med representasjon frå opprørsgruppene. Den mest kontroversielle delen av avtalen er eit allment amnesti for opprørsleiarane og medlemmer av opprørsorganisasjonane. I tråd med at avtalen opnar for ein internasjonal fredstryg-

gjande styrke vedtok Tryggingsrådet å endre observatøroperasjonen til ein omfattande fredsoperasjon (UNAMSIL) med ein militær komponent på opptil 6 000 soldatar. Generalsekretæren ønskjer å auke dette til 11 100 soldatar. Eit nokolunde tilsvarende tal på ECOMOG-troppar er eit vilkår for eit slikt omfang. UNAMSIL arbeider, i nært samarbeid med ECOMOG, for å sikre oppfølginga av fredsavtalen, mellom anna gjennom eit program for avvæpning, demobilisering og reintegrering av tidlegare opprørssoldatar. Noreg har støtta dette programmet økonomisk og har òg ytt personell til UNAMSIL.

I første halvdel av 1998 oppstod ein stadig meir spent situasjon i tilhøvet mellom *Etiopia og Eritrea*. Motsetningstilhøvet mellom dei to landa har ei rekkje årsaker, men kom til uttrykk som ein territorial konflikt om grenseområdet Badme, som vart okkupert av Eritrea i midten av mai 1998. I mai/juni braut det ut alvorlege kampar, men etter eit sterkt internasjonalt press lukkast det å få stansa kamphandlingane. Samtidig med at konflikten og dei gjensidige skuldingane eskalerte, utviste begge land kvarandre sine statsborgarar i stort omfang. OAU la fram ein såkalla rammeavtale for fred i november 1998. Framlegget fekk etiopisk aksept, men vart først akseptert av Eritrea etter nye harde kampar i februar 1999, der dei eritreiske styrkane vart pressa attende frå Badme-området. Seinare har det vore intense kampar på fleire frontavsnitt, seinast i juni 1999.

Den sterke mistrua på begge sider, i tillegg til tregleik i OAU-systemet, har skapt problem for gjennomføringa av OAU's fredsframlegg. Det kom eit nytt driv då Algerie overtok formannskapet i OAU i juli 1999. Reglar for gjennomføring av rammeavtalen vart vedtekne på toppmøtet i Alger i juli 1999. Ein teknisk plan for desse vart godkjend av Eritrea sommaren 1999. Etiopia har likevel avvist planen, men ønskjer offisielt å halde fram dialogen med OAU. På bakgrunn av manglande resultat av OAU's meklingsfreistnad har det internasjonale samfunnet søkt å leggje press på partane for å unngå nye kamphandlingar. Tryggingsrådet har lagt seg på ei line der ein støttar den rolle som OAU har teke på seg for å finne ei politisk løysing, og generalsekretærens spesialutsending Mohamad Sahnoun har delteke i meklinga mellom partane. FN står elles klar til å yte støtte til gjennomføring av ein fredsavtale. Frå norsk side har ein ytt NOK 750 000 til eit fond for merking av grenselina mellom dei to landa.

FN trekte seg ut av *Somalia* i 1994, og utviklinga i landet vert no følgd gjennom eit politisk kontor i Nairobi. Arbeidet med sikte på ei politisk løysing går i første rekkje føre seg i regional regi, med Organisasjonen for tørke og utvikling på Afrikas horn (IGAD), OAU, Egypt og Etiopia som sentrale aktørar. Frå FN's side er ein oppteken av å supplere og støtte dei regionale innsatsane. Den politiske utviklinga i Somalia er prega av ei stadig større regionalisering med sentra i regionane Somaliland, Puntland og Jubaland. Medan ein slik regional administrasjon fyller eit «styringsvakuum», kan det òg medverke til å sementere grenser som fører til ei varig oppsplitting av landet. FN har signalisert ønske om å trappe opp verksemda si i Somalia, men ein er tilbakehalden med dette slik tryggleiken er no. Per januar ventar Tryggingsrådet på ei nærare orientering om eit framlegg for Somalia som nyleg vart lansert av Djibouti.

Vest-Sahara-spørsmålet vart lagt fram for Tryggingsrådet i 1975 i samband med påstandar om at Marokko prøvde å innleme delar av området (tidlegare

spansk Sahara) i sitt eige territorium. I 1991 vedtok Tryggingrådet å setje i gang ein FN-operasjon for å få gjennomført ei folkerøysting om den framtidige statusen til området (MINURSO). Den tidlegare amerikanske utanriksministeren James Baker vart i april 1997 utnemnd som generalsekretærens personlege representant, og han leidde prosessen med å identifisere kven som skulle ha røysterett i ei slik folkerøysting (identifikasjonsprosessen). Men dette arbeidet har vist seg å vere svært vanskeleg. I 1999 vart ambassadør Eagleton (USA) utnemnd som ny spesialrepresentant. Han har møtt store utfordringar med mellom anna å identifisere omstridde stammar og handsaminga av det store talet på ankesaker for dei som var identifiserte, men ikkje funne å ha rett til å delta i folkerøystinga. Det herskar uvisse om kvar Marokko står i spørsmålet om Vest-Sahara etter tronskiftet sommaren 1999. I februar 2000 ser det ut til at tidspunktet for ei folkerøysting vil verte skuva ut i tid. Noreg deltek i MINURSO med to polititenestemenn.

FNs tryggingråd vedtok i 1992 sanksjonar mot *Libya*, i hovudsak fordi landet hadde nekta å utlevere dei to mistenkte etter Lockerbie-ulukka i 1989. Libyas grunngjeving for å motsetje seg utlevering var mellom anna at dei mistenkte ikkje kunne rekne med å få ein uhilda rettargang i Storbritannia. Libya mobiliserte over tid stadig breiare støtte for at sanksjonane burde opphevast. Representantar for FN søkte å kome kritikken mot sanksjonane i møte ved å gjennomgå verknadene av sanksjonane for sivilfolk. Konklusjonane på denne analysen gav ikkje noko eintydig svar. I ein freistnad på å bringe ny framdrift i saka lanserte Storbritannia og USA i august 1998 eit framlegg til løysing som innebar at sanksjonane ville verte suspenderte dersom dei to mistenkte vart framstilte for retten i Nederland. Ein føresetnad var likevel at retten var sett med skotske dommarar og dømde etter skotsk rett, ettersom Lockerbie-ulukka stadleg sett høyrer inn under skotsk jurisdiksjon. Tryggingrådet slutta seg til framlegget, som vart sett som ei monaleg innrømming overfor Libya frå britisk og amerikansk side. Då dei to mistenkte vart utleverte våren 1999, vart sanksjonane suspenderte med verknad frå 5. april 1999. Den 9. juli vedtok Tryggingrådet ei presidentfråsegn som rosa Libyas freistnader på å etterleve føresegnene i tryggingrådsresolusjonen. Ei permanent oppheving av sanksjonane vil tidlegast skje etter at rettssaka mot dei to tiltala er avslutta.

3.3.2 Midtausten

Den vidareførte fredsprosessen i regionen medverka ikkje til ein meir forsonleg tone eller betre samarbeid under handsaminga av *Midtausten*-spørsmål i Generalforsamlinga. Dei mange resolusjonane om Midtausten og Palestina-saka var i stor grad uendra frå tidlegare år og dei verbale utspela frå dei viktigaste regionale aktørane og støttespelarane deira var like uforsonlege som tidlegare. Partane i Midtausten-konflikten var påpasselege med å ikkje gje substansielle «innrømmingar» i resolusjonsforhandlingane i New York. Årsaka til dette var frykt for at ei oppmjuking av tradisjonelle haldningar i FN ville kunne gjere posisjonane deira vanskelege i dei bilaterale forhandlingane i regionen. På palestinsk side vert den legitimiteten som ei rekkje av FN-resolusjonane er med på å gje Palestina, vurdert som verdifull støtte i dei bilaterale forhandlingane med Israel. Monalege endringar i både talet på Midtausten- og Palestina-resolusjonar og innhaldet i dei attståande resolusjonane vil truleg først kome etter at fredsprosessen i regionen er fullført.

Av ovannemnde årsaker var det heller ikkje på denne Generalforsamlinga mogleg å nå fram til semje om den såkalla «positive» resolusjonen. Denne resolusjonen har vore eit uttrykk for verdssamfunnet si støtte til fredsprosessen i Midtausten og vart vedteken i åra 1993-1996 etter framlegg frå Noreg, Russland og USA. Det var denne gongen usemje mellom partane i konflikten om prinsippet land-for-fred skulle takast med i resolusjonen. Dette prinsippet har ikkje tidlegare vore direkte omtala i resolusjonen, men frå palestinsk og arabisk side vart det insistert på at dette måtte inn i resolusjonen denne gongen ettersom prinsippet er svært viktig under fredsforhandlingane. Frå palestinsk side vart det hevda at dersom land-for-fred ikkje vart omtala i resolusjonen, så ville det sende eit uheldig signal til Israel i fredsforhandlingane som går føre seg. Men Israel avviste dette kravet og grunn gav det med at det tidlegare har vore mogleg å semjast om ein resolusjonstekst utan at dette prinsippet har vore direkte omtala. I lys av partane sin manglande vilje til å kome fram til semje valde Noreg, Russland og USA å ikkje leggje fram resolusjonen under Generalforsamlinga.

Mandatet til FN's fredstryggjande styrkar i Libanon, UNIFIL, er å verifisere tilbaketrekking frå Sør-Libanon av dei israelske styrkane, syte for internasjonal fred og tryggleik og hjelpe libanesiske styresmakter med å sikre autoriteten sin i området. Det er framleis semje om at UNIFILs nærvere i Sør-Libanon utgjør eit viktig stabiliserande element, sjølv om mandatet ikkje heilt kan gjennomførast etter formålet. Ved årsskiftet 1997/98 var styrken på ca. 4 500 personar. Noreg deltok i UNIFIL frå starten i mars 1978 og fram til november 1998.

FN's observatørstyrke på Golanhøgden, UNDOF, vart oppretta i 1974 for å overvake våpenkvila mellom Syria og Israel. Styrken er på vel 1 000 personar. Noreg deltek ikkje i denne styrken. Observatørgruppa UNTSO vart oppretta i 1948 for å overvake våpenkvila mellom Israel og nabostatane. Med unntak av eit symbolsk nærvere i Sinai er observatørane taktisk underordna UNIFIL eller UNDOF. Operasjonen, der òg Noreg er med, omfattar no 152 militære observatørar, og 12 av desse er nordmenn.

Resolusjonen om den samla tilnærminga til *Irak* vart vedteken i Tryggingrådet 17. desember 1999 etter nærare ti månader med til dels intense tekstforhandlingar. Resolusjonen vart vedteken med røystetala 11-0-4. Frankrike, Russland, Kina og Malaysia avstod. Med avståingar frå tre av dei fem faste medlemmene i Rådet, er det usikkert om Irak vil vise vilje til å følgje resolusjonen.

Det er difor eit ope spørsmål om når sanksjonane vil kunne suspenderast. Dette avheng av om Irak vil samarbeide med det nye overvaksingsorganet UNMOVIC og IAEA. Etter resolusjonen må det kunne visast til framdrift på nedrustingssida etter 120 dagar. Dei «humanitære føresegnene» i resolusjonen (mellom anna om den øvre grensa for irakisk oljesal vert oppheva) vil verte sette i verk sjølv om ikkje Irak medverkar på nedrustingssida.

Etter resolusjonen skulle det utnemnast ein leiar av UNMOVIC seinast 30 dagar etter at resolusjonen vart vedteken. Den 17. januar 2000 nominerte generalsekretæren etter fleire forhandlingsrundar med rådsmedlemmene den svenske ambassadøren Rolf Ekeus, men pga. innvendingar frå Frankrike, Russland og Kina vart Ekeus ikkje vald. Dei tre statane grunn gav innvendingar

gane med at Irak vil motsetje seg Ekeus som UNMOVIC-leiar, og at det difor nærast vil vere uråd å få gjennomført resolusjonen. Etter nye samrådsrundar kunne Rådet den 26. januar 2000 einast om den svenske kandidaten Hans Blix, som leidde IAEA i tidsrommet 1981-1997.

I prosessen med å utpeike ein UNMOVIC-leiar har fleire rådsmedlemmer enn tidlegare vist haldningar som tek rikelege omsyn til irakiske interesser. Prosessen omkring dei mange attståande oppgåvene som skal utførast før resolusjonen kan verte gjennomført, kan difor verte svært tidkrevjande og vanskeleg. Irakiske styresmakter har så langt uttala at ein ikkje vil rette seg etter resolusjon 1284, og at ein ikkje vil samarbeide med noko nytt overvåkingsorgan.

3.3.3 Mellom-Amerika og Karibia

Fredsprosessen i *Guatemala* førte i 1996 fram til ein endeleg fredsavtale. FN's operasjon i Guatemala, MINUGUA, har spela ei sentral rolle i gjennomføringa av fredsavtalane. MINUGUA's mandat vart forlengd fram til 31. desember 2000, dvs. samtidig med at tidsplanen for gjennomføringa av fredsavtalane går ut. Avhengig av utviklinga i Guatemala kan det vere aktuelt å forlengje MINUGUA's mandat utover 2000. Noreg har gjeve monalege bidrag til fredsprosessen både bilateralt og multilateralt.

Den politiske og økonomiske krisa på *Haiti* heldt fram i 1999 òg. Etter oppmoding frå presidenten på Haiti om å halde fram med internasjonal støtte vedtok Tryggingrådet i 1997 å setje i gang ein internasjonal sivil politioperasjon (MIPONUH). I samband med at ein ventar at det skal verta halde val på Haiti, vart mandatet fornya til og med 15. mars 2000. I tillegg har FN i samarbeid med Organisasjonen av amerikanske statar (OAS) hatt ein sivil operasjon, MICIVIH, med mandat frå Generalforsamlinga fram til 31. desember 1999. Til erstatning for desse to operasjonane vedtok Generalforsamlinga å setje i gang ein ny sivil støtteoperasjon på Haiti (MICAH) med mandat til 6. februar 2001. FN's bistandsprogram vil vere viktige aktørar i det vidare samarbeidet. Haiti støtta den nye operasjonen. Noreg var medframleggsstillar til resolusjonen om opprettinga av MICAH. Frå norsk side har ein delteke aktivt i dialogmøte med representantar for ulike delar av Haitis politiske liv for å kome fram til ei løysing på krisa.

3.3.4 Europa

FN's fredstryggjande operasjon på *Kypros* - UNFICYP - vart oppretta i 1964 for å dempe ein aukande valdsspiral mellom den gresk-kypriotiske og den tyrkisk-kypriotiske folkegruppa på Kypros og har sidan vorte regelmessig forlengd av Tryggingrådet kvar sjettemånad. Tryggingrådet forlengde i desember 1999 UNFICYP-mandatet fram til juni 2000. Generalsekretæren oppnemnde òg ein ny personleg representant, Alvaro de Soto, som fekk i oppgåve å mekle i konflikten mellom dei to folkegruppene, etter semje med Kypros, Hellas, Tyrkia og Storbritannia. Tryggingrådet har i resolusjonane sine teke sterk avstand frå freistnadene på å skipe ein eigen tyrkisk-kypriotisk stat på den nordlege delen av Kypros etter den tyrkiske invasjonen i 1975 og har oppmuntra generalsekretæren til å halde fram meklingsfreistnadene sine. Krava om godkjenning frå den sjølvproklamerte tyrkiske republikken på

Nord-Kypros (TRNC) vart forsterka då EU i 1998 sette i gang forhandlingar med Kypros om EU-medlemskap. Den tyrkisk-kypriotiske leiinga har etter EUs vedtak avvist vidare substansforhandlingar basert på prinsippa i Tryggingsrådet's resolusjonar og kravd ei revurdering av desse i lys av EU-vedtaket.

I ein freistnad på å kome ut av den fastlæste situasjonen vedtok generalsekretæren i 1998 å setje i gang ein serie konfidensielle samtalar på øya leidd av sin dåverande visespesialutsending Ann Hercus. Etter vedtakinga av res. 1217 og 1218 i desember 1998 og fleire appellar til partane om å unngå handlingar som ville kunne føre til auka spenning, mellom anna ytterlegare militær opprusting, vedtok Kypros' president Clerides å ikkje utplassere ein serie S-300-rakettar frå Russland.

Generalsekretæren kalla inn partane til samtalar i New York i desember 1999. Generalsekretæren og spesialutsendingen hans til Kypros, Alvaro de Soto, gjennomførte i alt 9 møte med Denktash og Clerides. Trass i ein positiv og konstruktiv atmosfære kom det ingen konkrete resultat ut av møta. Partane er innstilte på å ta opp att samtalanane med generalsekretæren i 2000.

I eit møte i kontaktgruppa for det tidlegare Jugoslavia 29. januar 1999 fekk partane i *Kosovo*-konflikten eit ultimatum om å kome til semje innan ei viss tid. Kontaktgruppa fastsette òg ein del prinsipp som skulle liggje til grunn for forhandlingane. Den av partane som braut forhandlingane, risikerte straffetiltak frå NATO-medlemmene. Frå 6. februar til 15. mars 1999 vart det forhandla mellom partane i Frankrike, i Rambouillet og i Paris. Rambouillet-prosessen braut saman, sjølv om partane kom til semje om ei politisk ramme for Kosovos autonomi. Den serbiske delegasjonen kunne ikkje akseptere at ein internasjonal militær styrke leidd av NATO skulle sørge for at avtalen vart følgd. Samanbrotet og den stadig vanskelegare tryggleikssituasjonen i Kosovo førte til at Organisasjonen for tryggleik og samarbeid i Europa (OSSE) sitt sendelag i Kosovo vart trekt ut 20. mars 1999. Etter ei opptrapping av valdsbruk frå regimet i Den føderale republikken Jugoslavia (FRJ) mot folket i Kosovo, der grunnleggjande menneskerettar brutalt vart sett til side, starta NATO den 24. mars 1999 eit luftåtak mot FRJ samtidig som jugoslaviske styrkar starta ei massiv fordriving av etniske albanarar frå Kosovo til nabolanda Albania og Makedonia.

NATOs luftåtak førte til ei kløyving i Tryggingsrådet mellom dei allierte i NATO på den eine sida og Russland og Kina på den andre. Gruppa av dei 7 mest industrialiserte statane og Russland (G8) kom likevel 7. mai 1999 til semje om 7 prinsipp for eit kompromiss mellom Russlands og NATOs posisjonar, og denne semja la grunnlaget for Russland og EUs spesialutsendingar Tsjernomyrdin og Ahtisaari sin fredsplan for Kosovo. Denne planen vart godkjend av den serbiske nasjonalforsamlinga 3. juni 1999. Etter at militære leiarar for NATO og Jugoslavia vart samde om ein plan for uttrekking av jugoslaviske styrkar og innsetjing av ein internasjonal tryggleiksstyrke 9. juni 1999, erklærte NATO mellombels stans i luftoperasjonen dagen etter. KFOR starta innrykkinga 12. juni 1999, og alle serbiske styrkar var ute av provinsen 20. juni 1999. Sjølv om KLA uttrykte at organisasjonen ville la seg demilitarisere, valde mange serbiske sivile å forlate provinsen saman med dei serbiske styrkane.

Prinsippa i fredsplanen er nedfelt i Tryggingsrådsresolusjon 1244 av 10. juni 1999, der ansvaret for den sivile gjennomføringa vart lagt til FN. General-

sekretæren fekk med heimel i resolusjonen fullmakt til å skipe ein mellombels internasjonal sivil administrasjon, United Nations Interim Administration Mission in Kosovo (UNMIK). Det vart utarbeidd eit operasjonelt konsept der UNMIK under leiing av franskmannen Bernard Kouchner er tillagt mynd over territoriet og folket i Kosovo, mellom anna all lovgjevande og utøvande makt. Dessutan har UNMIK ansvaret for administrasjonen av rettsstellet. Aldri tidlegare har FN vorte tillagt eit så vidt og krevjande mandat. Etter nær kontakt mellom det norske OSSE-formannskapet og FN tok OSSE på seg viktige oppgåver i Kosovo knytte til opplæring av politi, tenestemenn, mellom anna for rettsstell, val, menneskerettar, samfunns- og medieutvikling. Med omsyn til UNMIKs framgang i gjennomføringa av mandatet sitt har generalsekretæren mellom anna framheva oppretting av ein politiskule med multietnisk deltaking, skiping av ein felles Kosovo-UNMIK mellombels administrativ struktur og demilitarisering av KLA.

Framleis står det likevel att vanskelege oppgåver i Kosovo, ikkje minst når det gjeld å betre tryggleikssituasjonen for minoritetane og å skipe eit fungerande politi og rettsstell, mellom anna for å handtere den aukande organiserte kriminaliteten. FN's generalsekretær har ved fleire høve etterlyst større innsats frå det internasjonale samfunnet. Dette gjeld særleg utplassering av internasjonalt politipersonell og styrking av rettssystemet, slik at lov og orden kan etablerast og kriminelle element forfølgjast. Generalsekretæren ønskjer òg auka internasjonal innsats når det gjeld humanitære tilhøve, offentleg infrastruktur og budsjettstøtte til å løne offentleg tilsette.

FN's fredstryggjande styrke og sivile politi i Aust-Slavonia (UNTAES) vart i januar 1998 vidareført gjennom ein sivil politioperasjon som bestod av ei støttegruppe på 180 sivile politifolk (UNPSG). I september 1998 vart dette ansvaret overteke av OSSE, og FN-nærveret i *Kroatia* er etter dette avgrensa til det militære observatørsendelaget på Prevlaka-halvøya, som er eit av dei problemområda som står att i tilhøvet mellom Kroatia og FRJ. Mangelen på framgang i forhandlingane om ei politisk løysing vert i generalsekretærens siste 1999-rapport framheva som skuffande. Operasjonen (UNMOP) overvaker demilitariseringa av Prevlaka-halvøya og naboombåda i Kroatia og Jugoslavia og består av 27 militære observatørar, og av desse er det ein nordmann. Mandatet er førebels forlengd fram til 15. juli 2000.

Etter at den NATO-leidde SFOR-styrken overtok ansvaret for dei fredstryggjande operasjonane i *Bosnia-Hercegovina*, har FN hatt eit sivilt FN-kontor (UNMIBH) i Sarajevo og ein sivil politistyrke (IPTF) på ca. 2 000 personar som mellom anna overvaker og rettleier dei lokale politistyrkane. FN's aktivitetar i Bosnia omfattar elles samordning av minerydding og anna arbeid som vert utført av ulike FN-organisasjonar og Verdsbanken. UNMIBH/IPTF-mandatet er til liks med SFOR-mandatet i juni 1999 forlengd med eitt år fram til juni 2000.

3.3.5 Kaukasus/Sentral-Asia

FN's engasjement i konfliktane i *Kaukasus-området og Sentral-Asia* har omfatta samarbeid med og støtte til fredsfreistnadene i regi av dei relevante regionale fora, dvs. OSSE og Samveldet av uavhengige statar (SUS), og iverksetjing av fredstryggjande operasjonar i form av observatørar. Russland har

engasjert seg aktivt i konflikthandteringa og søker aksept for at dei har ei særleg rolle å spele i områda.

Konflikten i Abkhasia i Nord-Georgia braut ut sommaren 1992 då lokale abkhasiske leiarar freista å lausrive regionen frå *Georgia*. Tryggingsrådet vedtok i desember 1993 å utplassere eit sendelag av militære observatørar (UNOMIG). Mandatet vart sommaren 1994 utvida til å omfatte overvaking av dei fredstryggjande (russiske) SUS-styrkane i Georgia, som vart utplasserte etter oppmoding frå partane. UNOMIG-styrken vart auka til 136 observatørar. Tryggingsrådet vedtok i oktober 1996 å skipe eit felles FN/OSSE-senter for menneskerettar i Sukhumi i Abkhasia som ein del av UNOMIG.

Saman med Russland, som har teke ei leiande rolle i fredsprosessen og Vennegruppa for Georgia, har generalsekretærens spesialutsending søkt å få partane med på ei løysing om Abkhasias politiske status innanfor Georgias grenser. President Sjevardnadse har tilbode provinsen føderal status, men abkhasiske leiarar insisterer på ein union av sjølvstendige statar. UNOMIG-mandatet er førebels forlennt til juli 2000.

Gjennom den såkalla Minsk-gruppa og medformennene i gruppa (USA, Frankrike og Russland) har OSSE sidan 1992 arbeidd med sikte på å få i stand ei fredsløysing i konflikten om den armensk-folkesette *Nagorno-Karabakh-enklaven* i Aserbajdsjan. Generalsekretæren konstaterte i 1992 at FN ikkje kan ta på seg ein meklarfunksjon så lenge Minsk-gruppa held på med fredsfreistnadene sine.

Særleg i andre halvdel av 1999 byrja det ei positiv utvikling i fredsprosessen, ikkje minst som følgje av ein rekkje politiske kontaktar på høgt nivå mellom Armenia og Aserbajdsjan. Det norske OSSE-formannskapet støtta aktivt opp om denne prosessen.

Noreg la som OSSE-formann under den 54. generalforsamlinga fram resolusjonen om samarbeidet mellom FN og OSSE. Heile 48 land stod tilslutta resolusjonen saman med Noreg. Utanriksminister Vollebæk heldt Noregs innlegg under debatten. Som i tidlegare år la Aserbajdsjan fram eit endringsframlegg, der det vert presisert at Nagorno-Karabakh utgjer ein del av Aserbajdsjan. Noreg avstod på endringsframlegget saman med mellom andre Minsk-gruppa og EU. Endringsframlegget vart vedteke med røystetala 55-1-54. I 1998 vart det aserbajdsjanske endringsframlegget vedteke med røystetala 114-1-20, og røystinga under den 54. generalforsamlinga må difor vere ein tankevekkjar for Aserbajdsjan. Mange medlemsstatar i OSSE - som tidlegare har røysta for endringsframlegget - valde i år å avstå. Årsaka til dette var at mange land var nøgde med korleis dette vanskelege spørsmålet var handtert i Noregs resolusjonsutkast.

Heile resolusjonen vart vedteken med røystetala 124-0-2. Armenia og Kina avstod på resolusjonen.

Tryggingsrådet oppretta i desember 1994 eit observatørsendelag på ca. 40 personar i *Tadsjikistan* (UNMOT) med mandat til å hjelpe til med overvakinga av avtalen om våpenkvile og nasjonal forsoning, som var inngått mellom regjeringa og den islamsk-orienterte opposisjonen etter at ein blodig borgarkrig braut ut i 1992. UNMOT skal halde nær kontakt med dei russisk-dominerte SUS-styrkane og med OSSEs sendelag i landet. Vidare skal sendelaget støtte arbeidet til generalsekretærens spesialrepresentant, som saman med

Russland har leidd fredssamtalane. Fredsprosessen i Tadsjikistan har vore i framgang i 1999, noko ikkje minst gjennomføringa av folkerøystinga om konstitusjonelle endringar og opphevinga av forbodet mot opposisjonsparti vitnar om. Rådet har oppmoda generalsekretæren om å leggje fram ein rapport om gjennomføringa av parlamentsvalet som var planlagt å finne stad i februar 2000. Framleis vert det vurdert som avgjerande å ha eit nært internasjonalt engasjement for å hjelpe Tadsjikistan for å sikre at konflikten vert løyst på fredeleg vis. UNMOT-mandatet er forlengt fram til mai 2000. Denne mandatforlenginga vert venteleg den siste. Generalsekretæren vil sjå på opningane for at FN kan få ei politisk rolle i landet etter at UNMOP-mandatet går ut.

Situasjonen i *Afghanistan* og det internasjonale samfunnet sitt engasjement har i dei seinare åra vore prega av stadige konfrontasjonar med Taliban-regimet, som kontrollerer ca. 90 prosent av det afghanske territoriet. Regimet si handsaming av kvinner og jenter har vekt særleg uro. FN's innsats i fredsprosessen omfattar humanitær bistand samt politisk nærvere i form av UNSMA og generalsekretærens spesialutsending. I erkjenning av at konflikten i stor grad skuldast at dei regionale aktørane har intervenert, har generalsekretæren søkt å engasjere dei landa det gjeld mest, gjennom samråd i den såkalla 6+2-gruppa. Taliban-regimets manglande respekt for menneskerettane og rolla deira i narkotikaproduksjon er medverkande årsaker til at regimet sitt krav om å representere Afghanistan i FN ikkje er stetta. Dette og andre tilhøve har gjort at tilhøvet mellom FN og Taliban ikkje er det beste. Frå FN's side er det gjeve uttrykk for at ei politisk løysing i Afghanistan, som tek omsyn til alle etniske og religiøse grupper, er den einaste farbare vegen.

Taliban sette i verk ein stor militær offensiv mot Nord-alliansen i juli 1999, berre ei veke etter eit 6+2-møte i Tasjkent. Gjennom mellom anna tvangsflytting og brend jord-taktikk vart sivilfolk påførte store lidningar. Offensiven vart slegen attende, og frontlinene er nokolunde uendra. I lys av dei magre resultatane av 6+2-forhandlingane satsar FN no på ei styrking av meklinga gjennom UNSMA og den nyutnemnde spesialutsendingen Francisc Vendrell. Tryggingrådet vedtok 15. oktober 1999 å innføre sanksjonar mot Taliban dersom dei nekta å utlevere Osama bin Laden, som oppheld seg i landet. Sanksjonane, som tredde i kraft 14. november 1999, inneber flyforbod til og frå Taliban-kontrollerte område samt frysing av Talibans aktiva i utlandet. Innføringa av sanksjonane førte til opptøyar i somme byar i Afghanistan og Pakistan, med åtak på FN-eigedom.

3.3.6 Sørøst-Asia

Under overvaking av internasjonale observatørar, mellom andre norske, vart det den 26. juli 1998 halde parlamentsval i *Kambodsja*. Trass i skuldingar om avvik og lovbrøt vart valresultatet godkjent. Ansvarleg for kuppet i 1997, Hun Sen, vart den 30. november 1998 sett inn som rettmessig vald statsminister i ei koalisjonsregjering. Fullmaktskomiteen vedtok å godkjenne landets fullmakter, og Kambodsja fekk att plassen sin i FN. Etter statsminister Hun Sens oppmoding til FN om internasjonal bistand til straffeforfølgning av Røde Khmer-leiarar la generalsekretærens spesialutsending i Kambodsja i februar 1999 fram ein rapport om mogleg internasjonalt engasjement i saka. I regi av FN-sekretariatet har det seinare vore gjort framstøyt med sikte på å skipe ein

«blanda» domstol med kambodsjsanske og internasjonale dommarar. Kambodsjsanske styresmakter vil i byrjinga av 2000 fremje for FN eit framlegg til lovutkast om skiping av ein straffedomstol for Røde Khmer-leiarar. FN-sekretariatet ventar på dette lovutkastet før ein tek endeleg stilling til om ein skal sende ein ny delegasjon til Kambodsja for å halde fram drøftingane om domstolen.

Då Indonesia fekk sjølvstendet sitt frå Nederland i 1954, var *Aust-Timor* framleis ein portugisisk koloni. Portugal starta i 1974 ein avkoloniseringsprosess for alle koloniane sine. I 1975 - etter ein kort borgarkrig - erklærte nasjonalistrørsla Aust-Timor som sjølvstendig. Indonesia intervenerte militært og innlemma Aust-Timor i Indonesia året etter. Tildelinga av Nobels fredspris for 1996 til biskop Belo og Jose Ramos-Horta sette fornya fokus på konflikten. President Suhartos avgang i mai 1998 og president Habibie sitt utspel om særstatus for Aust-Timor medverka vidare til utviklinga mot sjølvstende for Aust-Timor. FN, Portugal og Indonesia inngjekk 5. mai 1999 ein avtale om folkerøysting om Aust-Timors status. FN tok på seg ansvaret for å raskt setje i gang ein omfattande operasjon (UNAMET) for å førebu og gjennomføre folkerøystinga, medan Indonesia etter avtalen tok på seg ansvaret for å garantere tryggleiken i perioden før, under og etter folkerøystinga.

Den 30. august 1999 vart det halde ei historisk folkerøysting om Aust-Timor skulle verte uavhengig eller eit autonomt område under Indonesia. Deltakinga var overveldande og resultatet eit klart ja til sjølvstende. Etter at resultatet vart annonsert få dagar seinare, gjekk likevel prointegrasjonistisk militst til åtak på sivilfolket, og UNAMET såg seg tvinga til å evakuere til Darwin i Australia. Fordi det indonesiske militæret såg ut til å korkje makte eller ville stoppe militsen sine herjingar, auka det internasjonale presset på Indonesia til å akseptere utplassering av ein fleirnasjonal styrke. Då Indonesia bøygde av for presset, vedtok Tryggingsrådet samrøystes 15. september å godkjenne ein slik styrke (INTERFET), leidd av Australia. Styrken fekk eit robust mandat for å syte for fred og tryggleik i Aust-Timor, verne og støtte UNAMET til å gjennomføre oppgåvene sine og støtte opp under humanitær bistand.

Etter militsen sine herjingar hadde ein stor del av folket flykta til fjellområda og til Vest-Timor. Indonesiske troppar øydela og brente ned infrastruktur og eigedom under uttrekkinga frå Aust-Timor, medan militsen heldt fram trakasseringa si i flyktningleirane i Vest-Timor. FNs menneskerettskommisjon vedtok under ein ekstraordinær sesjon i september 1999 å oppnemne ein internasjonal undersøkingskommisjon for å samle prov for brot på menneskerettane. Då det indonesiske parlamentet 20. oktober 1999 oppheva erklæringa av 1978 om annekasjonen av Aust-Timor, var det formelle grunnlaget for Aust-Timors sjølvstende lagt. Med bakgrunn i dei omfattande oppgåvene landet står overfor, vedtok Tryggingsrådet få dagar etter å skipe FNs overgangsadministrasjon for Aust-Timor (UNTAET). Den militære delen av denne har i januar og februar 2000 overteke INTERFET sine oppgåver, medan den sivile delen vil hjelpe til med oppbygging av så godt som alle sider av Aust-Timors administrasjon, samfunnsliv og infrastruktur. Noreg har gjeve monalege økonomiske bidrag og stilt personell til disposisjon for FN og andre organisasjonar sin innsats i Aust-Timor.

3.4 Fredstryggjande operasjonar og preventivt diplomati

Talet på militært personell tilknytt FNs fredstryggjande operasjonar var på midten av 1990-talet på det høgaste med ca. 80 000. Per 31. desember 1999 var det tilsvarande talet ca. 10 500. I tillegg ligg det føre fullmakt for ca. 15 000 FN soldatar, som ikkje er utplasserte (UNASIL/UNTAET). Sivilt politi talde på same tidspunkt ca. 4 500, ein auke på ca. 2 500 frå 1998. Behovet for år 2000 er ca. 9 000 sivile polititeneestemenn utplasserte samtidig.

Noreg deltok i UNPREDEP i Makedonia inntil eit kinesisk veto i Tryggingrådet mot forlenging av FN-operasjonens mandat førte til at deltakarlanda måtte trekkje ut styrkane sine våren 1999. Noreg har etter dette ikkje hatt regulære militære styrkar i FNs fredstryggjande operasjonar, men berre delteke med einskildpersonar som militære observatørar og stabspersonell i tillegg til det sterke engasjementet vårt i NATOs fredsoperasjonar på Balkan.

Noreg deltok per 31. desember 1999 i 7 av FNs 17 operasjonar, med 20 militære offiserar i fem operasjonar og med 25 polititeneestemenn i fem operasjonar. I tillegg deltek Noreg med polititeneestemenn i fredsoperasjonar for både OSSE, VEU og i TIPH på Vestbreidda. Dette inneber at ca. ein prosent av den norske politistyrken er utplassert i internasjonale fredsoperasjonar.

Dei samla utgiftene til FNs fredstryggjande operasjonar for 1999 er kostnadsrekna til ca. USD 1,3 mrd., ein auke på ca. USD 400 millionar frå 1998.

Viktige stikkord for fredstryggjande operasjonar i noverande situasjon er nye typar konfliktar (ofte interne og ikkje mellom statar), behovet for multifunksjonelle operasjonar med mellom anna stor humanitær innsats og dermed behov for styrkt planlegging og samordning. Viktig er òg spørsmålet om tilhøvet til partane og bruk av makt, om det er naudsynt å styrkje FNs kapasitet til rask reaksjon, og behovet for å styrkje arbeidet med konfliktførebygging gjennom preventivt diplomati. Dagens fredsoperasjonar krev òg innsats innanfor avvæpning, demobilisering og reintegrering. Tryggingrådet sitt vedtak om å utplassere ein internasjonal fredsstyrke på Aust-Timor (INTERFET) er eit døme på endringane i FNs fredsoperasjonar. Denne utviklinga har ført til at det internasjonale samfunnet kan reagere raskare militært, sjølv om ein regulær FN-styrke ikkje er tilgjengeleg i utgangspunktet. Når situasjonen og tilhøva tilseier det, kan FN kome inn med styrken sin. Samarbeidet med regionale organisasjonar, tildømes NATO i Kosovo, er òg ei viktig utvikling. I ein slik operasjon tek FN ansvar for institusjonsbygging og sivil administrasjon, medan den militære delen av operasjonen vert gjennomført av ein regional organisasjon med FN-mandat.

FN-sekretariatet sitt arbeid med å skipe UN Standby Arrangement førte til at ti medlemsland underskreiv eit omsamd memorandum (OM) om dette i 1999. Noreg er ikkje på denne lista, men det er sett i gang ein prosess i Forsvaret for å få godkjent eit OM med FN. UN Standby Arrangement har behov for personell og avdelingar frå Forsvaret i tillegg til polititeneestemenn og sivile ekspertar og materiell.

Den sivile politikomponenten vert tillagt aukande verdi i fredstryggjande operasjonar. Konseptuelle sider, mellom anna integrasjon og kompetanseheving, er i gang, og Noreg har delfinansiert og leidd politiseminar i Ghana og i Malaysia. På den konseptuelle sida er det ei markert endring frå berre å vere ein uvæpna og overvakande politistyrke til å verte ein væpna politistyrke med

utøvande politiansvar. Situasjonen i Kosovo og på Aust-Timor har òg avdekt behov for ein nøye samordna innsats av politi, rettsstell og fengselsstell. Dette understrekar fredsoperasjonane sin multifunksjonelle karakter.

Det er i 1999 registrert aukande mangel på respekt for feltarbeidande FN-personell. I ei rekkje tilfelle har dette utarta til aktiv maktbruk, tvang og fiendtelege handlingar. Konvensjonen om tryggleik for FN-personell og tilknytt personell vart vedteken i FN's generalforsamling i 1994. Noreg ratifiserte konvensjonen i 1995. Det vart i 1999 oppnådd mange nok ratifikasjonar til at konvensjonen kunne tre i kraft.

Behovet for styrkt innsats frå FN's og det internasjonale samfunnet si side når det gjeld å førebyggje konflikhtar, har fått auka merksemd dei seinare åra. Dette har stått sentralt i generalsekretærens rapportar. Generalsekretæren har etter FN-pakta eit ståande mandat til å ta initiativ til forhandlingar og meklingsforsøk i ein potensiell konfliktsituasjon. Det er behov for auka ressursar på dette feltet, og på norsk side tok ein difor under den 51. generalforsamlinga initiativ til å skipe eit eige fond for preventiv handling, som skulle stå til rådvelde for generalsekretæren. Arbeidet med å skipe dette fondet vart ferdig våren 1997, og Noreg har gjeve meir enn USD 4 mill. til fondet.

3.5 Økonomiske og sosiale saker

3.5.1 Økonomi- og utviklingsspørsmål

Diskusjonen om godt styresett som ein grunnleggjande premis for utvikling stod sentralt under den 54. generalforsamlinga. OECD-landa har særleg vore opptekne av å framheve verdien av godt styresett i resolusjonane om fattigdomslindring og globalisering. Dette har møtt sterk motstand frå ei rekkje utviklingsland fordi ein fryktar at godt styresett skal verte fastsett som eit vilkår for bistand. Motstanden grunnar seg òg på debatten som går føre seg i UNDP om ei sterkare vektlegging av godt styresett. Ein samdest om formuleringar som tilfredsstilte utviklingslanda sitt ønske om å unngå ein tilnærma uavgrensa definisjon og industrilanda sitt ønske om å unngå ei utvatning av omgrepet godt styresett.

Spørsmåla om verknadene av globaliseringa av internasjonal økonomi og behovet for reform av det internasjonale finansielle systemet stod òg sentralt i ei rekkje resolusjonsforhandlingar. OECD-landa har framheva dei opningane utviklingslanda har som følgje av globaliseringsprosessen, medan utviklingslanda fokuserte på dei negative følgjene. Det kan sporast ein aukande vilje til å vurdere dei sosiale og utviklingsmessige følgjene av globaliseringa av den internasjonale økonomien. Utviklingslanda meiner at informasjonsteknologi er eit kritisk område der gapet mellom dei utvikla landa og utviklingslanda vert stadig større. Dette førte mellom anna til at spørsmålet om teknologioverføring stod sentralt i fleire resolusjonsforhandlingar.

I diskusjonen om fattigdomslindring vart det frå norsk side lagd vekt på gjeldslette, godt styresett og integrering av utviklingslanda i det multilaterale handelssystemet som grunnleggjande føresetnader for å lindre fattigdom. Det vart oppmoda til auka bistand og til avbinding av bistand. Verdien av utdanning for kvinner/jenter vart understreka. Desse omsyna vart godt spegla i forhandlingsresultatet. I forhandlingane om gjeldsresolusjonen la utviklings-

landa i år vekt på mellominntektslanda sin gjeldssituasjon og kopla dette spørsmålet til verknadene av Asia-krise og behovet for reform av det internasjonale finansielle systemet. Frå norsk side fokuserte ein på behovet for å sikre finansieringa av det nye HIPC-initiativet basert på rimeleg byrdefordeling og utan at det minskar utviklingsbistanden. Dette lukkast langt på veg takka vere støtte frå utviklingslanda, som innsåg at dei norske tekstframlegga tok opp spørsmål som er avgjerande for å få gjennomført det nye gjeldsletteinitiativet som vart vedteke på Verdsbankens årsmøte i september 1999.

Spørsmålet om FN's tilhøve til Bretton Woods-institusjonane og den rolla FN kan og bør spele når det gjeld tiltak for å styrkje det internasjonale finansielle systemet, stod sentralt. Utviklingslanda fokuserte på behovet for reform av systemet og behovet for å skipe mekanismar for større kontroll av kortsiktige spekulative kapitalrørsler. OECD-landa understreka verdien av det nasjonale ansvaret for å skipe opne og velregulerte finanssystem og av å føre ein sunn makroøkonomisk politikk. USAs vedtak om å ta resolusjonen til røysting etter at teksta var ferdigforhandla, medverka til å skape ei meir negativ stemning under Generalforsamlinga si handsaming av økonomiske og sosiale spørsmål enn kva tilfellet har vore i tidlegare år.

Utfallet av WTO-møtet i Seattle gjorde at utviklingslanda viste liten fleksibilitet i forhandlingane om resolusjonen om internasjonal handel og utvikling. Drøftingane av næringsliv og utvikling omhandla verdien av næringslivet for å skape utvikling og vekst, medrekna næringslivet sitt ansvar for å følgje og fremje arbeidsstandardar, miljøstandardar og menneskerettar. Forhandlingane var prega av motstand frå utviklingslanda mot å omtale barnearbeid, arbeids- og miljøstandardar og sosiale standardar. Resultatet av forhandlingane vart ei relativt svak tekst sett frå OECD-landa si side.

Ei rekkje av dei resolusjonane som vart framlagde av utviklingslanda på det økonomiske og sosiale området, spegla eit aukande krav om godkjenning av nye grupper av utviklingsland basert på geografiske eller systemiske kriterium, noko som representerer eit aukande press mot MUL-definisjonen i bistandssamanheng. Det gjeld til dømes kystlause utviklingsland, transittland, små utviklingsøystatar, land med overgangsøkonomi, små og sårbare økonomiar, osv.

3.5.2 Finansiering av utvikling

Utviklingslanda har i fleire år arbeidd for at det burde arrangerast eit møte på høgt politisk nivå i FN for finansiering av utvikling. Argumenta for dette har mellom andre vore at dei globale FN-konferansane på 1990-talet om berekraftig utvikling, befolkningsspørsmål, kvinner og utvikling, sosial utvikling og busetjingsspørsmål treng å verte utfylte med ei global semje om korleis den globale dagsordenen for utvikling som er framforhandla, skal finansierast. Utviklingslanda sitt ønske om eit slikt møte må mellom anna sjåast på bakgrunn av uroa deira over nedgangen i offentleg utviklingsbistand. Frå OECD-landa si side er det lagt vekt på at eit høgnivåmøte om finansiering av utvikling må knytast opp mot den globale dagsordenen for utvikling, ved ei brei tilnærming der alle relevante kjelder for mobilisering av ressursar vert handsama på ein heilskapleg måte. Det er oppnådd semje om at høgnivåmøtet skal ta opp finansieringss spørsmålet i vid meining og omhandle både nasjonal og internasjonal ressursmobilisering. OECD-landa har i varierende grad teke atterhald

med omsyn til ideen om eit høgnivåmøte, men har særleg vore opptekne av å sikre møtet eit innhald som sikrar konkret oppfølging.

Forhandlingane under den 54. generalforsamlinga dreidde seg om å starte ein førebuande prosess fram mot høgnivåmøtet. Utviklingslanda ønskjer høgnivåmøtet som ein internasjonal konferanse etter mønster av tidlegare FN-konferansar. Ei av dei sakene OECD-landa la mest vekt på, var å involvere alle relevante aktørar i førebuingane fordi ein diskusjon av finansieringssporalet utan deltaking frå sentrale aktørar som Verdsbanken, IMF og WTO, er lite føremålstenleg. Det vart sett på som viktig å ha eit ope og nyskapande format for høgnivåmøtet og førebuingsprosessen. Frå norsk side vart det lagt vekt på å medverke til eigarskap til prosessen både hjå utviklingslanda og hjå OECD-landa.

Resolusjonen oppnemner ein førebuande komité, som skal ha sitt første substansmøte i mai 2000. Generalsekretæren og byrået for den førebuande komiteen får i oppdrag å samrå seg med Verdsbanken, IMF, UNCTAD og andre sentrale aktørar for å avklare på kva måte desse ønskjer å delta i prosessen. Spørsmålet om dagsorden og endeleg format på møtet vil verte drøfta vidare i den førebuande komiteen. Det var viktig for den vidare prosessen at forhandlingane gjekk føre seg i ein god atmosfære, trass i at det var ulike syn både mellom utviklingsland og OECD-land og mellom land i begge desse gruppene.

3.6 Miljø- og ressurs spørsmål

Dei fleste sentrale miljøprosessane går no føre seg i eigne fora under dei ulike miljøkonvensjonane. FN's arbeid på området miljø og berekraftig utvikling er difor prega av at arbeidsoppgåvene og prosessane er veldefinerte gjennom det femårige arbeidsprogrammet for FN's kommisjon for berekraftig utvikling (CSD) og i dei ulike konvensjonsorgana. Frå norsk side vart det under Generalforsamlinga lagd vekt på at ein må halde på ei integrert og tverrsektoriell tilnærming til miljø- og utviklingsspørsmål, og vidare til at det er behov for å halde ved lag og forsere arbeidet med å gjennomføre dei sentrale miljøkonvensjonane.

Under den 54. generalforsamlinga var det størst merksemd om eit russisk resolusjonsutkast om styrking av samordning mellom miljøkonvensjonane. Til liks med føregåande år vart dette temaet svært omstridd pga. sterk motstand frå utviklingslanda mot dei føreslegne tiltaka. Særleg blant dei afrikanske landa, som er særleg opptekne av ørkenspreiingskonvensjonen si stilling, var det mykje om å gjere å unngå framlegg som kunne oppfattast som ei innskrenking av sjølvstyret til konvensjonssekretariata. Resultatet vart at ein freista å utforme ein mest mogleg presis definisjon av tilhøvet mellom Generalforsamlinga og konvensjonane sine statspartsmøte, som er uavhengige av FN's styrande organ, og som har ulik medlemskrins. Den endelege resolusjonen inneheld dessutan ei rekkje framlegg om praktisk samarbeid mellom konvensjonane, primært på sekretariatsplan i tråd med framlegga som vart fremja i samband med FN-reform på miljø- og busetjingsområdet. Likeins vart det påpeikt at konvensjonane er sjølvstendige organ som ikkje kan styrast gjennom vedtak i Generalforsamlinga. Heller ikkje under den 54. generalforsamlinga lukkast det å slå saman tidlegare års resolusjonar om dei einskilte miljø-

konvensjonane til ein felles resolusjon. Også denne gongen skuldast dette utviklingslanda si sterke prioritering av å gjennomføre tiltak under ørkenspreiingskonvensjonen, også mobilisering av økonomiske ressursar. Resolusjonen må sjåast som eit ønske om å bringe gjennomføringa av og merksemda omkring konvensjonen opp på same nivå som konvensjonane om biologisk mangfald og klima ligg på. Etter ei viss usemje vart det òg vedteke ein resolusjon om konvensjonen om biologisk mangfald som omtalar tilrådingar frå intersesjonelt arbeid i underliggjande organ. Dette gjaldt særleg spørsmål knytte til biotryggleiksprotokollen. Vidare vart det vedteke ein resolusjon om klimakonvensjonen, der statspartane vert oppmoda til å oppfylle pliktene sine etter konvensjonen etter prinsippet om felles, men differensierte plikter. Vidare vert alle statar oppmoda til å arbeide for at Kyoto-protokollen vert sett i kraft snart.

Det vart òg vedteke ein resolusjon om førebuingane til tiårsgjennomgangen av gjennomføringa av vedtaka frå FN-konferansen om miljø og utvikling i 1992 (Rio+10). Det var semje om at det var viktig med ein tidleg og grundig førebuingssprosess med innspel frå medlemslanda og med rapportering frå ulike delar av FN-systemet om dei bidraga som er gjort for gjennomføring av Agenda 21. Vidare understrekar ein verdien av økonomiske bidrag, teknologi-overføring og kapasitetsbygging når det gjeld gjennomføringa av Agenda 21. I resolusjonen om FN's tiår for reduksjon av naturkatastrofar vart det oppnådd semje om å vidareføre tiåret ved å utarbeide ein internasjonal strategi for reduksjon av naturkatastrofar og ved å oppnemne ei særskild arbeidsgruppe med eige sekretariat underlagt FN's kontor for humanitær bistand, som skal fokusere på førebygging og tidleg varsling av naturkatastrofer.

Generalforsamlinga vedtok òg prosedyremessige resolusjonar om oppfølginga av femårsgjennomgangen i 1999 av handlingsprogrammet for berekraftig utvikling i små utviklingsøystatar (SIDS), om internasjonalt samarbeid for å minske verknadene av El Niño, om rapporten frå siste rådsmøte i FN's miljøprogram, om sentralafrikanske urskogar, om det internasjonale solenergiprogrammet og om verksemda til FN's busetjingscenter (HABITAT).

3.7 Humanitære spørsmål

3.7.1 Samordning av FN's humanitære bistand

Dei siste par åra har det vore ein stor auke i humanitære katastrofar, både naturkatastrofar og menneskeskapte naudhjelpssituasjonar. Dermed har òg FN-appellane om humanitær bistand auka. I desember 1999 bad FN om i alt 2,4 mrd. USD til humanitær bistand for 2000. Dette er nesten dobbelt så høgt som det tilsvarande talet for 1999. Samstundes har det gjennom heile 1990-talet vore stadig fleire overgrep og drap på FN-tilsette og humanitært personell. I 1998 var talet på omkomne FN-tilsette i humanitære operasjonar for første gong større enn talet på omkomne i FN's fredstryggjande operasjonar. Arbeidstilhøva og tryggleiken for humanitært personell vert altså stadig vanskelegare samstundes som behova for slik hjelp aukar.

Dette var bakgrunnen for forhandlingane om humanitære spørsmål under den 54. generalforsamlinga. Desse forhandlingane vart gjennomgåande van-

skelegare enn i tidlegare år. Særleg vanskeleg var det å verte samde om resolusjonen om tryggleik for humanitært personell og FN-personell.

At forhandlingane vart så vidt vanskelege kan mellom anna sporast attende til det breiare temaet i Generalforsamlinga i år om «humanitær intervensjon», og debatten i Tryggingrådet på grunnlag av rapporten frå generalsekretæren om tryggleik for sivile i væpna konflikt, eit tema som òg prega generaldebatten i Generalforsamlinga. Mange land, blant dei Noreg, la vekt på den negative utviklinga med omsyn til tryggleik for humanitært personell, og oppmoda til sterkare merksemd om internasjonal humanitær lov og til også i praksis å følgja desse reglane. Fleire utviklingsland streka i tillegg under at humanitær bistand må gjevast på grunnlag av prinsippa om nøytralitet, objektivitet og full respekt for nasjonal suverenitet og på grunnlag av førespurnad frå mottakarlandet. Desse landa var i forhandlingane om dei einskilde resolusjonane opptekne av å sikre tydelege referansar til nasjonal suverenitet og kvalifisere formuleringane om sikker og uhindra tilgang for humanitær bistand.

Ein lukkast til slutt å verta samde om eit innhald i resolusjonen om tryggleik for humanitært personell og FN-personell som på ein akseptabel måte speglar den alvorleg forverra situasjonen på dette området. Viktigast er det at ein i resolusjonen ber generalsekretæren utarbeide ein rapport til mai 2000 med framlegg til utviding av mandatområdet for Konvensjonen om tryggleik for FN-personell og personell knytt til FN.

Medlemslanda gav brei tilslutnad til konklusjonane frå det humanitære segmentet under ECOSOC i juli 1999, som hadde overgangen frå naudhjelp til langsiktig utvikling som særleg tema. Vidare vart det gjeve uttrykk for sterk støtte til FN's naudhjelpssamordnar og arbeidet for auka samordning mellom Kontoret for samordning av humanitær bistand (OCHA), FN's samordningsorgan for humanitær bistand (IASC), FN's høgkommissær for flyktingar (UNHCR) og andre aktørar i FN-systemet, samt overfor ikkje-statlege organisasjonar.

3.7.2 Bistand til minetiltak

I 1999 vart det første partsmøtet til landminekonvensjonen arrangert i Maputo i Mosambik. Det vart der vedteke å oppnemne fleire arbeidsgrupper som skal arbeide vidare med ulike spørsmål knytte til gjennomføringa av konvensjonen. FN tek aktiv del i dette arbeidet. Frå FN's side, særleg samordningskontoret for landminetiltak, FN's utviklingsprogram (UNDP) og UNICEF, har det òg vore stor aktivitet med omsyn til praktiske tiltak i landmineråka land. Mellom anna skipa FN på svært kort tid sommaren 1999 eit samordningssenter for landminetiltak i Kosovo. Dette senteret var av svært stor verdi for å sikre samordna informasjonsarbeid og rydding av miner for å redusere talet på mineulukker i samband med det store talet på kosovo-albanarar som på kort tid vende attende til Kosovo.

Forhandlingane om resolusjonen om minetiltak vart prega av at land som ikkje har skrive under landminekonvensjonen, ikkje ville ha omtale av denne som kunne verte oppfatta som aksept av det arbeidet som går føre seg etter konvensjonen. Her òg merka ein seg stor sensitivitet med omsyn til nasjonal suverenitet. Ein lukkast til slutt å kome fram til ei akseptabel tekst som framleis kan verke som eit godt grunnlag for FN's innsats på landmineområdet.

Blant dei nye elementa i resolusjonen er at ein no legg større vekt på å integrere tiltak for landmineoffer i breiare helse- og sosialpolitiske strategiar.

3.8 Sosiale spørsmål

Det internasjonale eldreåret vart markert med eit eige møte i Generalforsamlingas plenum. Det norske innlegget tok opp regionale initiativ, nasjonale tiltak og målsetjingar, norsk markering av eldreåret, og ein støtta FN's arbeid på feltet. Noreg var medframleggsstillar til ein resolusjon om eldreåret. Noreg var òg medframleggsstillar til resolusjonar om funksjonshemma og utdanning for alle.

Under handsaminga av sosiale spørsmål heldt Noreg, som vanleg, innlegg om ungdomsspørsmål. Ungdomsdelegaten, denne gongen frå Unge Høgre, heldt innlegg om dei internasjonale Braga- og Lisboa-møta om ungdom, om gjeldsspørsmål, menneskerettar og rolla til ikkje-statlege organisasjonar. Det vart føreslege at ungdom vert tema for ein komande Human Development Report. Dei norske ungdomsdelegatane deltok aktivt i resolusjonsforhandlingar og var medarrangørar til eit møte for og med ungdomsdelegatar.

Noreg var medframleggsstillar til ein resolusjon om oppfølginga av Det sosiale toppmøtet. I debatten om oppfølging av toppmøtet omtala ein frå norsk side gjeldsspørsmål, sosiale tenester, 20/20-initiativet, sysselsetjing, barnarbeid, bistand, og samarbeid mellom dei internasjonale bistandsorganisasjonane. Det vil verte halde ein spesialsesjon om oppfølging av toppmøtet i Genève frå 26.-30. juni 2000, og den tredje førebunde sesjonen finn stad i april 2000.

3.9 Menneskerettsspørsmål

Handsaminga av menneskerettsspørsmål under den 54. generalforsamlinga vart sterkt prega av EUs resolusjonsframlegg om dødsstraff og saker som dei militære aksjonane i Kosovo, Tryggingrådshandsaminga av Irak, vedtak av sendelag om menneskerettar til Aust-Timor og generalsekretærens tale om mellom anna humanitær intervensjon og nasjonal suverenitet. I debatten rundt utkastet til dødsstraffresolusjon vart det frå land som støttar bruken av dødsstraff, argumentert med at ein motsette seg kultur- og religionsimperialisme. Fleire land meinte at dødsstraff gjaldt strafferettslege tilhøve og dermed ikkje var eit menneskerettsspørsmål. Den kraftige motstanden mot dødsstraffresolusjonen gjorde at han vart trekt. Resolusjonsframlegget medverka til ei styrking av dei motsetningane ein normalt finn i debatten om menneskerettar. Det vanskelege samarbeidsklimaet førte òg til monalege problem med andre resolusjonar. Resolusjonsframlegg om åtferdskodeks om demokrati, som Noreg støtta, måtte trekkjast. Resolusjonen om retten til utvikling kom nok ein gong til røysting, og Noreg avstod. Resolusjonsframlegg frå Iran og Egypt om kulturelt mangfald og globalisering vart av mange sett på som freistnader på å vatne ut menneskerettsomgrepet.

FN's høgkommissær for menneskerettar framheva verdien av å framdyrke ein kultur med respekt for menneskerettane og ein kultur for konfliktførebygging. Ho la også i år vekt på dei økonomiske og sosiale rettane og argumenterte for at menneskerettar skulle takast med i vurderinga i makroøkonomiske

avgjerdsprosessar der ein burde handsame tema som gjeldslette og fattigdomseliminering. Retten til utvikling, barnesoldatar, betring av konvensjonsorgana og ei regional tilnærming i menneskerettsarbeidet vart òg omtala.

Med unntak av USA's vanskar med Sudan-resolusjonen, som dei fann å vere for svak, og russiske endringsframlegg om sanksjonar i Irak- og Balkan-resolusjonane var det ingen større, nye problem i handsaminga av landresolusjonane. Noreg var medframleggsstillar til resolusjonsframlegga om menneskerettssituasjonen i Burma, Iran, Irak, det tidlegare Jugoslavia, Kosovo, Kambodsja, Haiti og Den demokratiske republikken Kongo. Resolusjonen om Burma var i år sterk nok til at Noreg fann det rett å gå med som medframleggsstillar etter å ha late vere å gjere dette ein del år. Resolusjonen om Rwanda vart sett på som for svak til at Noreg kunne teikne seg som medframleggsstillar. Resolusjonen om Afghanistan vart lagt fram av komitéformannen.

I Noregs hovudinnlegg i 3. komité om menneskerettar la ein vekt på verdien av fattigdomslindring og fremjing av dei økonomiske, sosiale og kulturelle rettane i tillegg til dei sivile og politiske. Det nasjonale arbeidet med menneskerettar og etableringa av KOMpakt vart presenterte. Dødsstraff, rasediskriminering, barn sine rettार, straffridom og verdien av religionsfridom vart omtala. Det vart vist til menneskerettssituasjonen i Afghanistan, Angola, Burma, Burundi, Colombia, Den demokratiske republikken Kongo, Eritrea, Etiopia, Irak, Iran, Den føderale republikken Jugoslavia, Rwanda, Serbia, Sierra Leone, Sudan og Aust-Timor. I tillegg vart land som Noreg har menneskerettsdialog med, omtala; Cuba, Kina og Tyrkia. Noreg fremja resolusjonsframlegg om oppfølging av erklæringa om menneskerettsforsvararar og om internt fordrivne. Begge resolusjonane vart vedtekne utan røysting. Noreg var, som før, medframleggsstillar til dei nordiske resolusjonane om urfolkstiet og tortur, samt ei rekkje andre menneskerettsresolusjonar.

H.K.H. Kronprins Haakon heldt Noregs innlegg om rasisme. Hovudpunkta i innlegget var ei oppmoding til ratifisering og gjennomføring av den internasjonale konvensjonen om rasisme og rasediskriminering, ei oppmoding til å ta tak i dei unike sjansane for å gjere noko med dette i samband med den komande Verdslkonferansen mot rasisme, verdien av å trekkje det sivile samfunnet med i førebuingane til konferansen, og informasjon om problem i Noreg med tilvising til tiltak som er sett i verk for å søkje å løyse desse. I debatten vart det uttrykt brei støtte til Verdslkonferansen mot rasisme i 2001 og Sør-Afrikas tilbod om å vere vertsland for konferansen. Noreg var medframleggsstillar til dei to resolusjonane om rasisme, som mellom anna omtala Verdslkonferansen om rasisme.

Under dagsordenspunktet om barn sine rettार heldt H.K.H. Kronprins Haakon det norske innlegget. Mellom anna Barnekonvensjonens verdi, ønske om aldersgrense på 18 år for soldatar, tilrettelegging for barn sine behov i rehabilitering og reintegrering etter væpna konflikt, barneprositusjon, jente-barn, barnarbeid og barn sitt tilhøve til multimediesamfunnet vart omtala. Barn må både gjere seg nytte av og, der det trengst, vernast mot dagens enorme informasjonstilfang. I Generalforsamlingas plenum vart Barnekonvensjonens 10-årsjubileum markert i eit eige møte. Samleresolusjonen om barn sine rettार vart vedteken utan røysting. Noreg var medframleggsstillar. Resolusjonen speglar temaa i Barnekonvensjonen. Noreg støtta òg resolusjo-

nen om førebuingane til ein spesialsesjon i 2001 om oppfølging av Barnetoppmøtet.

3.10 Flyktningsspørsmål

Under handsaminga av rapporten frå FN's høgkommissær for flyktningar (UNHCR) vart det gjeve uttrykk for sterk støtte til høgkommissærens arbeid. Frå norsk side vart det òg lagt vekt på arbeidet for å styrkje respekten for humanitær lov, motverka tendensar til bilateralisering av humanitær bistand, behovet for samarbeid mellom aktørane på feltet, og å gje auka merksemd til grupper som har det særleg vanskeleg, til dømes kvinner og barn.

Fleire utviklingsland bad UNHCR om å sikre upartisk bistand og prioritering etter der behova er størst. Dette kan ein sjå som ein reaksjon på den sterke merksemda det i 1999 har vore om situasjonen i Kosovo, og ei viss uro for at dette kan føra til for lite merksemd og ressursar til flyktningar i andre regionar, ikkje minst i Afrika.

UNHCR sjølv la vekt på samarbeid mellom statar, mellomstatlege, regionale og ikkje-statlege organisasjonar og privat sektor for å styrkje tryggleiken til flyktningar og FN-tilsette. Det vart òg understreka at det er viktig med tiltak tidleg for å motverke at konflikhtar utviklar seg til væpna konflikhtar, og at UNHCR treng større ressursar for å kunne utføre dei oppgåvene organisasjonen er pålagd.

3.11 Oppfølging av FN-konferansar

Høgdepunktet under handsaminga av kvinnespørsmål var vedtakinga av ein frivillig protokoll til Kvinnekonvensjonen. Protokollen opnar for individuelle klagar til Kvinnekomiteen og gjev rett til eigen undersøkingsprosedyre. Han er eit absolutt framsteg i arbeidet med å fremje og verne kvinnene sine menneskerettar. Under forhandlingane arbeidde Noreg for ein så sterk protokoll som mogleg. Noreg var mellom dei første landa som skreiv under protokollen på menneskerettsdagen den 10. desember.

Førebuingane til femårsgjennomgangen i år 2000 av kvinnekonferansen i Beijing heldt fram, og debatten spegla dette. I det norske innlegget vart det lagt vekt på 20-årsjubileet for Kvinnekonvensjonen og for likestillingslova. Vedtaket av den frivillige protokollen vart helsa velkomen. Revidering av likestillingslova, under dette kvotering til styre og utval, vart omtala. Kvinner og væpna konflikt vart føreslege som eit av fleire tema til spesialsesjonen i 2000 om oppfølging av Beijing-konferansen. Mange land ønskte at spesialsesjonen skulle handsame tema som vald mot kvinner, under dette privatisert vald, kvinner på landsbygda og handel med kvinner. Det vart vedteke resolusjonar om Kvinnekonvensjonen, helseskadelege tradisjonar (som seksuell skamfaring av kvinner), kvinner på landsbygda, UNIFEM, internasjonal dag om eliminering av vald mot kvinner og kvinnene sin status i FN-systemet. Noreg fremja resolusjonen om Kvinnekonvensjonen og var medframleggsstillar til dei andre. Det vart òg vedteke resolusjonar om forskingsinstituttet INSTRAW og om vald mot kvinnelege framandarbeidarar.

Resolusjonen om oppfølging av kvinnekongressen i Beijing vart vedteken utan røysting. Eit av føremåla med resolusjonen er å drive integreringsprosessen av kvinnespørsmål i FN vidare. Frå 5. til 9. juni 2000 vil det verte halde ein spesialsesjon om arbeidet med kvinnespørsmål etter Kvinnekongressen i Beijing og iverksetjing av Nairobi-strategiane for fremjing av kvinner. Spesialsesjonen skal heite «Kvinner 2000: likestilling, utvikling og fred på 2000-talet». Før spesialsesjonen vert det halde regionale møte, mellom anna vart det halde eit møte for ECE-regionen i januar 2000.

Det vart halde eit norsk innlegg om femårsgjennomgangen av handlingsprogrammet frå befolkningskongressen i Kairo. I innlegget sa ein seg nøgd med femårsgjennomgangen, som vart avslutta med ein spesialsesjon av Generalforsamlinga frå 30. juni til 2. juli 1999. Ein sa seg særleg nøgd med at områda mødredød og informasjons- og rådgjevingstenester for ungdom hadde fått stor merksemd. Verdien av auka økonomiske ressursar for å gjennomføre tilrådingane frå spesialsesjonen vart framheva.

3.12 Finansielle og administrative spørsmål

3.12.1 FN's økonomiske situasjon

FN har eit budsjett på om lag USD 1,3 mrd. i året, litt i underkant av det årlege norske bistandsbudsjettet. Det har ikkje vore realvekst i budsjettet sidan 1986. Etter krav frå den amerikanske Kongressen vart det vedteke ein reell nedgang i budsjettet for toårsperioden 1996-97, og det var ein nominell nedgang for 1998-99. Talet på tilsette har gått ned frå 12 000 i 1986 til 8 741 i dag. Under desse føresetnadene var likevel FN's økonomiske situasjon ved utgangen av 1999 betre enn tidlegare, ettersom FN for første gong på fleire år hadde positiv likviditet på det regulære budsjettet. Dette kjem av at USA betalte inn USD 731 mill. til FN i 1999. Av dette gjekk USD 450 mill. til det regulære budsjettet, medan USD 238 mill. gjekk til fredstryggjande operasjonar og resten til finansiering av krigsforbrytardomstolane. Medlemslanda skuldar likevel enno FN over USD 2 mrd., fordelt på USD 374 mill. til det regulære budsjettet, USD 1 940 mill. til fredstryggjande operasjonar og USD 32 mill. til krigsforbrytardomstolane. Sjølv om situasjonen har betra seg monaleg i høve til tidlegare år, kan ein heller ikkje i 2000 sjå bort frå at FN som i tidlegare år må låne midlar frå fredstryggjande operasjonar til den daglege drifta. FN skuldar framleis land som yter troppe- og utstyrsbidrag til FN's fredstryggjande operasjonar, om lag USD 800 mill. Troppebidragsytarane yter dermed eit slags rentefritt lån til USA og andre skuldnarar, slik at FN kan halde hjula i gang.

USA skulda åleine ved utgangen av året USD 167 mill. til det regulære budsjettet og vel 1 mrd. til fredstryggjande operasjonar. Etter den såkalla «Helms-Biden II»-lova om nedbetaling av USAs gjeld til FN, som Kongressen vedtok 19. november 1999, skal USA betale tilbake USD 926 mill. til FN og FN's særorganisasjonar over tre år. Av denne summen skal USD 710 mill. gå til det regulære budsjettet og FN's fredstryggjande operasjonar. Summen omfattar også motregning av USD 107 mill. som FN skuldar USA for refusjon av mannskap og materiell for fredstryggjande operasjonar. Eit viktig vilkår for nedbetalinga er at USAs del av FN's regulære budsjett, samt av budsjettet for særorganisasjonane og fredstryggjande operasjonar, vert minskt frå høvesvis 25 til 22 prosent og frå 30,34 til 25 prosent. Det vert vidare føresett at USAs

utrekningar av gjelda vert lagt til grunn. Beløpet på USD 926 mill. representerer, etter FN's utrekningar, likevel berre snaue 60 prosent av det USA skuldar FN. Etter FN-pakta kan ikkje medlemsland knyte vilkår til betaling av ilikna bidrag. USAs vilkår for nedbetaling av gjelda vil difor føre til svært vanskelege politiske og prinsipielle drøftingar i Generalforsamlinga.

Dei fredstryggjande operasjonane har eigne budsjett. Dei steig kraftig frå 1989 til 1994 og fall deretter mykje. I 1999 steig utgiftene til fredstryggjande operasjonar att og var kostnadsrekna til ca. USD 1,3 mrd., ein oppgang på ca. USD 400 mill. frå 1998. Det er venta at utgiftene for 2000 vil stige mykje på grunn av FN's engasjement i Aust-Timor, Den demokratiske republikken Kongo, Sierra Leone og eventuelt Etiopia-Eritrea-konflikten.

3.12.2 Budsjettet for 2000-2001

Generalsekretæren sitt framlegg til budsjett for 2000-2001 var utarbeidd på grunnlag av prioriteringane i FN's langtidsplan for perioden 1998-2001 og var på USD 2,655 mrd. - eit budsjettframlegg som representerte ein reell auke på 0,2 prosent i høve til perioden 1998-1999. Det var lagt opp til ein auke av staben på 61 stillingar. Forhandlingane om budsjettet var særst vanskelege og langvarige. Det braut ut krisestemning då forhandlingane ei veke før jul etter både helge- og nattmøte braut fullstendig saman. Først seint om kvelden dagen før julekvelden, etter maratonsesjonar på over 30 timar, klarte ein å få vedteke eit budsjett med ein totalsum på USD 2,536 mrd.

Hovudskiljelinene i debatten om budsjettet gjekk mellom USA, som meinte at budsjettet måtte skjerast ned etter at justering for pris- og kursutvikling hadde funne stad til same nivå som 1998-1999 budsjettet, og G77-landa, som meinte at ein måtte basere seg på den vedtekne budsjetttramman på USD 2,545 mrd. som utgangspunkt for forhandlingane. Dei ville vurdere dei ulike budsjettsektorane med sikte på å føreslå auka løyvingar. Dei meinte òg at kvar freistnad på å innføre resultatbasert budsjett eller tidsavgrensing på program utan føregåande godkjenning frå Generalforsamlinga, ville verke mot føremålet sitt. EU ville gå pragmatisk til verks og vurdere kvar budsjettseksjon for seg, og i den samanhengen gjere prioriteringar. Noreg heldt sitt eige hovudinnlegg, der vi tok avstand frå nullvekstprinsippet og opna for realvekst i FN-budsjettet for å møte nye utfordringar. Vi understreka at fleire sentrale aktivitetar og stillingar, som i dag vert finansierte gjennom frivillige bidrag, i større grad bør dekkjast av FN's regulære budsjett. Frå norsk side støtta ein framlegget om å ta med midlar for spesielle politiske sendelag på det regulære budsjettet, og vi støtta auke av budsjettpostane for utvikling, menneskerettar, samordning av humanitær bistand og internkontroll.

Generalforsamlinga vedtok separate budsjett for FN's krigsforbrytardomstolar for 2000. Tribunalet for det tidlegare Jugoslavia fekk eit budsjett på USD 106,1 mill. for år 2000, og Rwanda-tribunalet fekk eit budsjett på USD 86,2 mill. Sistnemnde budsjett auka mest frå 1999, men begge domstolane sine budsjett er meir enn dobla sidan 1997. Noreg heldt eit eige innlegg om finansieringa av domstolane, der det vart gjeve full støtte til domstolane, som er inne i ein viktig fase og er byggjesteinar for ein permanent internasjonal domstol (ICC). Ein rosa Rwanda-tribunalet for ein viss framgang på det administrative området, samtidig som ein ikkje la skjul på at ytterlegare betringar er naudsynte. EU

uttrykte i sitt innlegg stor misnøye med at ein hadde fått for lita tid til å handsame budsjettframlegga, og at rapporten frå ei uavhengig ekspertgruppe som skulle sjå på dei administrative spørsmåla ved domstolane, ikkje var lagd fram før handsaminga av budsjettframlegget.

3.12.3 Tilsyn og kontroll

Noreg deltok aktivt i handsaminga av finansielle rapportar, revisorerklæringar og rapporten frå revisorrådet. Noreg heldt eit eige innlegg, der vi understreka Noregs støtte til revisorrådet sitt arbeid og særleg trekte fram dei grundige rapportane om Kontoret til FN's høgkommissær (UNHCR), som viste forståing for dei vanskelege tilhøva høgkommissæren arbeider under.

Noreg heldt òg eige innlegg om årsrapporten frå avdelinga for internkontroll (OIOS). I det norske innlegget gav vi honnør til avtroppande visegeneralsekretær Paschke, som i ein femårsperiode har bygd opp OIOS til ei slagkraftig eining med brei verksemd og ei hovudvekt på førebyggjande tiltak og effektivisering av Sekretariatet. G77-landa kritiserte Paschke for det fritalende føreordet hans i årsrapporten, der han i sin siste «tilstandsrapport» om FN uttala at medlemslanda framleis driv detaljstyring av Sekretariatet.

Etter ein treårig boikott frå EUs side av årsrapportane frå FN's inspektørgruppe (JIU), vart ein til slutt samde om ein resolusjon om å vedta JIUs årlege rapportar og arbeidsprogram. Ein resolusjon om dette har ikkje vore mogleg sidan 1996. Semja kjem av at EU forlét strategien om å halde igjen vedtak av ein resolusjon om JIU til ein oppnådde semje om ein resolusjon om OIOS. Noreg heldt eit eige innlegg om årsrapporten frå JIU og gjekk inn for ein budsjettauke for å styrkje inspektørane sin utgreiingskapasitet, samtidig som vi oppmoda inspektørane om å konsentrere innsatsen sin og redusere talet på rapportar som vert utarbeidde.

I forhandlingane om revisjon av mandatet til OIOS herska det djup usemje mellom G77-landa og dei vestlege landa om kontoret si verksemd og rapportering, ei sak som var fastlæst frå førre sesjon. Godkjenning av dei siste årsrapportane frå OIOS har vore blokkert av G77-landa, som har ei reservert haldning til delar av kontoret si verksemd. Teksta i det endelege vedtaket som vart fatta om femårsgjennomgangen av mandatet for OIOS, kan til ein viss grad tolkast ulikt, men det skulle vere rimeleg klart at OIOS» svært nyttige verksemd kan halde fram som før. Sjølv om ein kom i hamn med denne resolusjonen, vart handsaminga av OIOS» årlege rapportar utsett til 5. komité sin vidareførte sesjon i mars 2000.

3.13 Juridiske spørsmål

3.13.1 FN's arbeid for kodifisering, utvikling og utbreiing av folkeretten. Avslutninga av folkerettsåret (1990-1999)

Etter FN-pakta art. 13 skal Generalforsamlinga mellom anna setje i gang undersøkingar og vedta tilrådingar for å oppmuntre den progressive utviklinga og kodifiseringa av folkeretten. I 1947 vart Folkerettskommisjonen (ILC) oppnemnd av Generalforsamlinga som eitt av Generalforsamlinga sine underorgan etter FN-pakta art. 22. Sidan 1947 har ILC og Generalforsamlinga sin 6. komité spela nøkkelroller i vidareutviklinga og kodifiseringa av folkeretten, og

det har vore eit nært samspel mellom desse to organa. ILC legg kvart år fram rapport for Generalforsamlinga om arbeidet sitt. Handsaminga av denne rapporten står sentralt i arbeidet i 6. komité, og det går med mykje tid til å gje føringar og instruksar og fastsetje prioriteringar for ILCs vidare arbeid og til å drøfte og kommentere tekstframlegg som Kommissjonen har lagt fram. Når eit endeleg tekstframlegg til ein ny internasjonal konvensjon ligg føre frå ILC si side, kan dette anten handsamast og vedtakast direkte i Generalforsamlinga, eller forsamlinga kan velje å innkalle ein eigen diplomatkonferanse for dette føremålet.

FNs folkerettstiår (1990-1999) vart innleidd i 1990 og hadde mellom anna som føremål å fremje utviklinga av folkeretten som middel til fredeleg tvisteløysing og å spreie kunnskap om og godkjenning av folkeretten. Markeringa av avslutninga av folkerettstiåret i Generalforsamlinga demonstrerte fornya tru på folkeretten og folkerettens vitale verdi for å halda ved lag fred og tryggleik, å utvikle fredelege relasjonar mellom statar og å sikre rammevilkår for menneskerettane og dei grunnleggjande fridomane. Av stor verdi når det gjeld ålmenta sin tilgang og kjennskap til folkeretten, er den rivande utviklinga av FN's internett-tenester og etableringa av utvida elektroniske databasar for avtalar som FN er depositar for.

Frå norsk side la ein særleg vekt på at det er naudsynt med ei betre utnytting av eksisterande internasjonale institusjonar for fredeleg løysing av tvistar og hevda verdien av at maktbruk i internasjonale samband må vere rettsleg forankra i FN-pakta. Ein peika her på at ein i løpet av 1990-talet har sett ei stadig aukande erkjenning av samanhengen mellom det internasjonale vernet av menneskerettar og grunnleggjande fridomar på den eine sida og vidareføring av internasjonal fred og tryggleik på den andre. Ein framheva Tryggingrådet si sentrale rolle og gav uttrykk for uro over freistnader på å utvikle nye doktrinar om «humanitær intervensjon» for å legitimere maktbruk utanfor FN-pakta sine rammer.

3.13.2 Havretts spørsmål

FNs havrettskonvensjon av 1982 (HRK) utgjer den overordna rettslege ramma for alle nasjonale, regionale og internasjonale tiltak i marin sektor. HRK tredde i kraft i 1994, og frå og med då har Generalforsamlinga hatt ei årleg drøfting og vurdering av gjennomføringa av HRK og andre utviklings-trekk på havrettsområdet. Drøftinga er basert på ein årleg rapport lagt fram av generalsekretæren etter HRK art. 319 nr. 2 bokstav a). Rapporten, som er utarbeidd av Sekretariatets Hav- og havrettsseksjon, er eit omfattande dokument som byggjer på innspel frå heile FN-systemet og gjev eit oversyn over alle sider ved marin aktivitet og integrerer i dette både rettslege, økonomiske og sosiale spørsmål og miljøspørsmål.

At det trengst ei heilskapleg og integrert tilnærming til alle havspørsmål låg òg under resolusjonen om resultata av Kommissjonen for berekraftig utvikling (CSD) sin gjennomgang av sektortemaet «Sjøar og hav» etter kap. 17 av Agenda 21. CSD hadde på sin 7. sesjon mellom anna fokusert på korleis FN's handsaming av havspørsmål kunne betrast, og kom med konkrete tilrådingar for korleis den årlege debatten om havspørsmål i FN kan gjerast meir effektiv og målretta. I resolusjonen vert det som ei prøveordning etablert ein uformell samrådsprosess for å leggje til rette havrettsdebatten, særleg med sikte på å

identifisere område der samarbeid og samordning kan betrast. Møta i samrådsprosessen skal finne stad ein gong om året i tre år, og det første møtet vil verte halde i tida frå 30. mai til 2. juni 2000, i etterkant av statspartsmøtet etter HRK.

Frå norsk side er det eit hovudomsyn å sikre at den uformelle samrådsprosessen medverkar til å styrkje og utvikle det systemet som finst i HRK, slik ein mellom anna la til grunn for forhandlingane om FN-avtalen av 1995 om fiske på det opne havet. Her òg var det ein føresetnad at nye føresegner skulle byggje på dei grunnreglane som var fastsette i HRK.

3.13.3 Etableringa av ein fast internasjonal straffedomstol

Arbeidet fram mot skiping av ein fast, internasjonal straffedomstol går føre seg etter vedtakinga av Roma-vedtektene i 1998 i Den førebuande kommisjonen. Innan juli 2000 skal Kommisjonen mellom anna utarbeide dei avleidde regelverka under Roma-vedtektene, under dette prosessreglar og brotsverkselement, og deretter finansreglementet, avtalen mellom straffedomstolen og FN-systemet, osv. Utfordringa på Generalforsamlinga var særleg å sikre eit vedtak som på best mogleg måte støtta opp om det vidare arbeidet med domstolsprosjektet, og eit fornya mandat for Den førebuande kommisjonen for år 2000. Det lukkast å vedta at Kommisjonen skal tre saman i heile åtte veker i 2000, noko som vert sett som naudsynt for å halde framdriftsplanane.

Verksemda til kvar av dei to ad hoc-domstolane, Den internasjonale straffedomstolen for det tidlegare Jugoslavia og Den internasjonale straffedomstolen for Rwanda, vert frå norsk side sett som viktige byggjeklossar i arbeidet fram mot skiping av ein fast internasjonal straffedomstol.

3.13.4 Den internasjonale straffedomstolen for det tidlegare Jugoslavia

Jugoslavia-domstolen, som vart skipa i Tryggingrådsresolusjon nr. 827 i mai 1993, har som mandat å straffeforfølgje personar som er ansvarlege for alvorlege brot på internasjonal humanitær rett i det tidlegare Jugoslavia sidan 1991. Domstolen spelar ei viktig rolle for det langsiktige forsonings- og atterreisingsarbeidet i det tidlegare Jugoslavia. Den sjette årsrapporten, som vart framlagd på Generalforsamlinga, dokumenterte likevel sviktande politisk vilje frå ei rekkje land til å samarbeide med domstolen, noko som gjer arbeidet til domstolen svært vanskeleg. Domstolen sine appellar til Tryggingrådet om å framtinge etterleving av samarbeidsplikta har heller ikkje ført fram. Frå norsk side rosa ein den profesjonelle og høvelege måten domstolen takla mandatet sitt på under Kosovo-krisa, og det vert lagt stor vekt på støtte til domstolen framleis, både økonomisk og ved ein eigen avtale om å ta imot eit avgrensa tal straffedømde til soning i norske fengsel.

3.13.5 Den internasjonale straffedomstolen for Rwanda

Mandatet til Den internasjonale straffedomstolen for Rwanda omfattar straffeforfølging av alvorlege brot på internasjonal humanitær rett i Rwanda og straffeforfølging av rwandiske borgarar ansvarlege for slike brot i nabolanda i tida mellom 1. januar og 31. desember 1994. Domstolen sin fjerde årsrapport, som vart framlagd på Generalforsamlinga, viste framgang i arbeidet med å betre domstolen sine administrative rutinar, etter at ei rekkje svært alvorlege man-

glar ved domstolen sine rutinar vart avdekte av OIOS i 1997. Rwanda-domstolen vart den første internasjonale domstolen som har domfelt i ei folkemordsak då han avsa dom mot Jean-Paul Akayesu den 2. september 1999, 50 år etter at Folkemordskonvensjonen vart vedteken. Den norske domaren Erik Møse gjer for tida teneste ved domstolen, og Noreg har på tilsvarande vis som for Jugoslavia-domstolen tilbode seg å ta imot eit avgrensa tal straffedømde til soning i norske fengsel.

3.13.6 Tiltak for å motarbeide internasjonal terrorisme

Generalforsamlinga oppnemnde i 1996 ein ad hoc-komité med mandat til mellom anna å utarbeide ein konvensjon om motarbeiding av terrorisme med kjernefysiske midlar. Men arbeidet med denne konvensjonen har gått sakte, hovudsakleg fordi det har vist seg vanskeleg å oppnå semje om korleis tilhøvet til militære aktivitetar skal regulerast. Komiteen har òg arbeidd med eit fransk utkast til konvensjon om tiltak mot finansiering av terrorisme, som vart vedteke på den 54. generalforsamlinga. Generalforsamlinga vedtok òg å vidareføre ad hoc-komiteen sitt mandat og instruerte han om å halde fram arbeidet med konvensjonen om kjernefysisk terrorisme og å vurdere spørsmålet om å utarbeide ein global terrorismekonvensjon og opninga for å kalle saman til ein verdskonferanse om terrorisme i FN-regi, der eit av måla skal vere å nå fram til semje om ein definisjon av terrorisme.

3.14 Deltaking av ikkje-statlege organisasjonar

Under dei store FN-konferansane på 1990-talet vart det innført ein praksis med rett for ikkje-statlege organisasjonar til å delta i førebuingane, gjennomføringa og oppfølginga utan omsyn til om organisasjonane hadde såkalla samrådsstatus overfor FN's økonomiske og sosiale råd (ECOSOC) eller ikkje. Etter Rio-konferansen vart det difor i 1993 innleidd eit arbeid med å revidere dei eksisterande, meir restriktive retningslinene frå 1968 om FN's tilhøve til dei ikkje-statlege organisasjonane. Dette arbeidet vart slutført i ECOSOC sommaren 1996, og det vart vedteke nye retningslinjer (ECOSOC 1996/31). Det vil likevel framleis vere behov for å gjere unntak frå reglane, slik at ikkje-statlege organisasjonar kan halde fram med å følgje arbeidet i dei funksjonelle kommisjonane med omsyn til oppfølging av konferansane, fram til dei mange organisasjonane det her gjeld, kan få ordna det formelle tilhøvet sitt til ECOSOC. Det vart òg vedteke at Generalforsamlinga skal sjå nærare på dei ikkje-statlege organisasjonane sitt tilhøve til FN-systemet allment - utanfor ECOSOCs virkefelt og dei store FN-konferansane òg. Dette arbeidet har vore vanskeleg. Under den 52. generalforsamlinga vart generalsekretæren beden om å utarbeide ein rapport om deltaking av ikkje-statlege organisasjonar, under dette implikasjonar av endringar i den gjeldande ordninga. Rapporten vart vurdert som ufullstendig, og den 53. generalforsamlinga vedtok ein resolusjon der ein bad om ein ny rapport på grunnlag av kommentarar til den første rapporten. Men det var ikkje politisk mogleg å handsame saka i år. Spørsmålet om deltaking av ikkje-statlege organisasjonar var særleg vanskeleg etter at ein menneskerettsorganisasjon (Christian Solidarity International) vart fråteken ECOSOC-statusen sin, medan ein annan (Human Rights in China) ikkje fekk støtta søknaden sin. Samstundes arbeider Menneskerettskommisjonen med å gjere dei ikkje-statlege organisasjonane si deltaking betre. Det kjem motstand frå land som stort

Om Noregs deltaking i den 54. ordinære generalforsamlinga i Dei sameinte nasjonane (FN) og vidareførte sesjonar av FN's 53. generalforsamling

sett har ei restriktiv haldning til folkeleg deltaking og ikkje-statlege organisasjonar.

Utanriksdepartementet

t i l r å r :

Tilråding frå Utanriksdepartementet av 7. april 2000 om Noregs deltaking i den 54. ordinære generalforsamlinga i Dei sameinte nasjonane (FN) og vidareførte sesjonar av FN's 53. generalforsamling blir send Stortinget.

Vedlegg 1

Statsministerens innlegg i hovuddebatten

Mr. President,

The tragedy in East Timor shows us again that when war and violence erupts, the world community turns to the United Nations for the resolution of conflicts and the preservation of peace. We welcome the Security Council's action to establish the multinational force that is now moving in to bring security and aid to the people of East Timor. Norway will contribute with personnel and financing.

We look to the United Nations for hope and solutions, for the protection of human dignity and shared values in a world of injustice and conflict.

This is why the United Nations is indispensable.

And this is why we, the member states, must make use of the United Nations, for peace and development, whether it be in East Timor, Kosovo or Congo.

In preparing for the Millennium Assembly, let us together address the global challenges in a new spirit, with a new sense of purpose.

Mr. President,

I would like to congratulate you upon your election to President of the General Assembly. Norway looks forward to working with you. I also warmly welcome the three new members of the United Nations: the Republic of Kiribati, the Republic of Nauru, and the Kingdom of Tonga.

At the end of this century, globalisation presents us with political and moral dilemmas. There has been remarkable progress - in technological innovation and in economic and democratic development.

But at the same time, while the rich are getting richer, the poor are getting poorer.

Poverty and pollution, violent conflict and violations of human rights continue to haunt far too many people around the world.

Combating poverty, preventing conflicts, promoting human rights - these are the main challenges at the top of our common global agenda for the next century.

We must ensure that globalisation benefits all, not the few. And we must protect the environment. To achieve this, we need to strengthen the multilateral system. We must support the United Nations and its work for global peace, security and sustainable development.

We must put the UN first.

Mr President,

Together, we possess the knowledge and the resources needed to eradicate poverty. But still, one billion three hundred million people live in extreme poverty. This is unacceptable - morally and politically. It is an injustice and an obstacle to economic and democratic progress. For all member states, in the North and South alike, changing this situation must be our priority. And the UN must be the primary instrument. There is no alternative.

Let us build a global partnership aimed at eradicating poverty. Let us start by mobilising the political will and the financial resources needed to realise

the target of cutting global poverty in half by the year 2015. It is a matter of political will. It can be done. Now.

National governments have the primary responsibility for sustainable development and for meeting social needs. They must promote and protect the rule of law, human rights and democracy. They must fight corruption and pursue sound economic policies. There is no doubt that development assistance is most effective in countries where government is based on the principles of good governance.

The international community must also do more to create economic opportunities for the developing world. The following steps would have a major impact:

First, we need to increase the transfer of Official Development Assistance (ODA) from the North to the South. Norway has been well above the UN target for two decades. We intend to increase our development assistance further, up to one per cent (1%) of GDP.

Second, we need partnerships that enable national governments to lead the way and determine their own priorities. The private sector and business interests must be brought into the development process, as the Secretary-General has underlined.

Third, development assistance and debt relief must go hand in hand. Creditor nations must now give the poorest members of the world community a new start. Norway's national Debt Relief Strategy is particularly designed for this purpose. We also support the momentum created by the Group of Seven (G7) states to give highly indebted poor countries substantial debt relief.

Fourth, the entry of developing countries into the global market must be facilitated, not obstructed. This must be focused on during the new round of multilateral trade negotiations in the World Trade Organisation.

Mr. President,

In recent years, we have seen an increase in civil wars, often with an additional element of foreign involvement. The root causes can often be linked to ethnic tension as well as inequity in the distribution of resources - economic, social, natural and political.

During the 1990s, the activities of the United Nations have been more extensive than ever before - in the conduct of preventive diplomacy, in the deployment of peacekeeping forces, and in the provision of humanitarian aid to the victims of war.

But at the same time, there are critics who claim that the United Nations has failed.

Of course, many things could have been done better.

But we must not forget the many successes.

And we must not forget that it is we, the member states, who are responsible for giving the UN the mandates to act and the money and the means to succeed.

Let us not make the UN a scapegoat for our own shortcomings.

Instead, we must make sure that the Security Council can fulfil its primary function in international peace and security. We must act in accordance with the United Nations Charter and international law.

We must put the UN first.

This means enhancing the capacity of the UN for conflict prevention, crisis management, and long-term development.

All members must meet their financial obligations to our world organisation and its peace operations. Creating common security is not cost-free. In particular, it is the duty of the most powerful members of the UN to set an example for others.

The UN must develop further its co-operation with regional organisations. As Chairman-in-Office of the Organisation for Security and Co-operation in Europe, Norway has been working to build closer relations with the UN system. We need constructive interaction between all international, governmental and non-governmental organisations involved in peacekeeping and post-conflict work - in Europe and elsewhere.

Kosovo is a tragic example of the complex conflicts that we have seen in recent years. Building lasting peace there will require the concerted efforts of all actors involved - the United Nations, NATO, the OSCE, the European Union and others. Our immediate concern is to secure a safe environment for all the people of Kosovo, through a credible international presence.

We must promote integration between all the peoples and nations of South Eastern Europe. We must include everyone, and isolate no one.

This summer, at the Sarajevo Summit, we pledged to make the Stability Pact a key element of our efforts to ensure that democracy, peace, and prosperity become firmly rooted all over South Eastern Europe.

At the same time, our efforts to build peace in the Balkans must not be made at the expense of the poorest people elsewhere in the world. They should not pay the bill.

The UN and its agencies play a central role in providing emergency aid to victims of war everywhere. Humanitarian assistance should be complemented by efforts to promote reconciliation, democratic development and respect for human rights.

Compliance with international instruments are needed to protect civilians in armed conflict. We welcome the Secretary-General's report and the Security Council resolution last week. At the forthcoming Red Cross Conference in Geneva, we must generate the momentum needed to secure the protection aspects of international humanitarian law. The early entry into force of the Rome Statute of the International Criminal Court will be a vital contribution to the rule of law.

We must focus on human security, taking individuals and their communities as our point of departure. Combating poverty is crucial to human security.

The proliferation of anti-personnel mines and small arms and the use of child soldiers pose a threat to human security. They inflict deep wounds on society and individuals. Recently, in Russia, we have seen how terrorism strikes the innocent indiscriminately. We strongly condemn such terrorist acts, for which there can be no excuse. International efforts to deal with these serious issues must be intensified.

We must vigorously pursue nuclear disarmament and non-proliferation. The principles and objectives set out in the NPT process must be honoured. The early entry into force of the Comprehensive Test Ban Treaty and ratification of the START II Treaty are crucial priorities. So are START III negotia-

